

Vågåmo nedre del Moen mm.

gnr. 65 (Smedsmo) og
gnr. 66 (Vågå prestgard)

Av Knut Raastad, april 2026



Formo. Foto frå Lars-Andre Storlien

Smedsmo

Smedsmo gnr. 65 bnr. 1

I 1668 var Oluff Moen brukar på det som må vera Smedsmo, og bruket tilhørde prestbolet. Moen var matrikulert som 1 hud. I tillegg brukte Oluff også Øyen engeland ½ hud under Moen, dette tilhørde også prestbolet. Øyen var av elveen «udbrøtt og fordervet».

Skoskatten 1711 nemnde Jacob Moen + kvinde + 1 barn samt Marit Jacobsdatter, Ole Arnesen var husmann. Ved bygselkontrakt av Moen 2 skinn i 1720 vart det nemnd at Jacob Hellesen hadde bygsla plassen før, og etter han enkja hans Marit Aslaksdotter. Ved skifte etter Jacob Hellesen i 1713 går det fram at mor hans var Marit Jacobsdatter. Jacob hadde ei halvyster Kari Sifuerdtr. som var gift med Knut Skjedsvold.

Peder Størchesen fekk i 1720 bygselkontrakt av Moen 2 skinn. Peder vart også nemnd i 1723. Skifte etter Peder Størksen Moen i 1724 viser at han var gift med Anne Pedersdotter og at dei hadde 2 barn:

Jugebør f.ca.1721

Peder f.1723

I 1725 fekk Paul Hansen Storvik bygsel frå presten på Smedsmoen 2 skinn. Skifte etter Povel Hansen Smedsmo i 1737 viser at han var gift med Anne Pedersdotter, og at dei hadde 4 barn:

Marit f.ca.1726

Hans f.ca.1729

Anne f.ca.1732

Anders f.ca.1734

Smedsmo vart brukt som kapellangard.

Andreas Corsbreth f.1716 frå Trondheim, son til Nicolai Corsbreth var kapellan i Vågå 1745-1754 og budde på Smedsmo. Etter Vågå var han prest i Havslo. Andreas var gift med Margrethe Grønbeck, dei hadde 4 barn:

Christian 1746-1750

Hedvig Maria 1747-1748

Johan Christian 1754-1754

Bolette Margrete f.1751

Kaspar Barnholdt var kapellan i Vågå 1754-1763, etter dette var han kapellan på Hvaler. Han vart 1755 gift med Catrina Christensdotter Lund, og dei fekk medan dei var i Vågå 5 barn:

Christen 1756-1757

Christian 1757-1758

Christen f.1758

Christian f.1760

Anna f.1762

Henrik Garbo Sahl 1727-1800 var kapellan i Vågå 1767-1775. Han var gift med Katrine Blom f.ca.1730 d.1815. Etter Vågå var Sahl prest i Hollen i Telemark.

Hans Pedersen Benneche f.1738 var kapellan i Vågå 1778-1785, han var gift med Birgitte Hjort. Benneche var tidlegare kapellan i Rygge og Moss, og etter Vågå var han prest i Stranden sogn i Bergen stift.

Johannes Luth f.1758 frå Bergen var kapellan i Vågå 1785-1803, etter Vågå var han prest i Nordstrand ved Stavanger. Luth vart nemnd som brukar av Smedsmo i 1802. Luth var gift med Maria Elisabeth f.1763.

Ullrik Frederik Bøyesen 1773-1841 frå Christiania var kapellan i Vågå 1803-1812. Han var son til Peder Bøyesen og Dorthea von Cappelen. Før var han lærar ved København offentlige skole og etter Vågå var han prest i Lærdal og Ullensaker. Han er også nemnd som forfattar. Smedsmo fekk store skader etter storofsen i 1789, det vart da bestemt å flytja kapellangarden til søre Stae og det vart gjennomført i 1808. Ullrik Bøyesen var gift med Anna Brøsting Teilmann 1777-1848 dotter til sokneprest Christian Teilmann og Anna Elisabeth Margrethe Finckenhoff. Ullrik og Anna hadde 4 barn:

Alette Petronella Elisabeth f.1808

I 1808 bygsla presten bort Moen 2 skinn til Ener Tordsen. Ener Tordsen Rommegaard 1785-1874 var son til Thor Persen Sandbu Romundgard 1729-1802 og Rønnaug Jonsdtr. Garmo 1749-1829. Ener vart 1808 gift med Gidsken Jensdotter Tronhuus 1784-1841 dotter til kaptein Jens Larsen Tromhuus 1719-1807 og Ingeborg Kristine Takst 1743-1819. Ener og Gidsken hadde 6 barn:

Thord f.1808, neste brukar

Jens 1811-1812

Rønnaug f.1816, ugift i Bergsvendstuen i 1875

Johan Fredrik f.1819

Kari f.1821-1910, g.m. Hans Bergsvendstuen 1816-1899

Karen f.1825

Thor Enersen fekk kongeleg skjøte i 1847 for 450 spd. I 1846 var det føderådskjøte til Ener Thorsen. Thor Enersen var gift med Anne Amundsdotter f. 1804, dei emigrerte til Amerika. Thor og Anne hadde 3 barn:

Gisken f.ca.1842

Mari f.ca.1845

Ener f.1850

I 1867 var det skjøte frå Thor Enersen til Johannes Rasmussen Klonesbakken for 450 spd. Johannes Rasmussen 1821-1905 var son til Rasmus Hansen Klonesbakken. Johannes vart 1847 gift med Ingeborg Jonsdotter Storviksnesset 1823-1903. Dei hadde 5 barn:

Rønnaug 1847-1849

Anne 1849-1850

Ymbjørg 1851-1885, neste brukar

Rønnaug f.1854, hadde med Thorstein Iversen Viste 1854-1907 (til Myrum) sonen:

Johannes 1877-1947, brukar frå 1904

Anne 1860-1870

Ymbjørg Smedsmo vart 1871 gift med Sjugurd Grev 1844-1904. I 1888 var Syver S Grev Smedsmo brukar av Smedsmo da han skreiv ut ein pantobligasjon, den vart vedteke av Johannes Smedsmo. I 1890 vart det skrivi føderådsbrev frå Syver Smedsmo til Johannes Rasmussen. Ymbjørg og Sjugurd hade 7 barn:

Syver 1871-1871

Johannes 1871-1871

Johannes 1872-1886

Syver 1875-1894

Mari 1877-1879

Iver f.1880, til Oslo

Mari 1883-1886

Som enkjemann fekk Syver med Rønnaug Ellefsdtr. Ripstrond 1 barn:

Laurits f.1888, til Amerika

Med Ragnhild Syversdtr. Storvikssæter fekk Syver 1 barn:

Mathias f.1896, død som ung

I 1904 var det skjøte frå Johannes R Smedsmo til dottersonen Johannes Torstensen Smedsmo for kr 1700 samt føderåd til Johannes og hustru etter kontrakt i 1890. Johannes Torstensen 1877-1972 var gift med Theodora Eriksdotter Galde (Visdal) 1881-1968, dei hadde 3 barn:

Erling 1903-1972, g.m. Kjellborg Skjerven 1927-1987, hadde dottera Bergljot f.1943

Ragnvald 1906-1964, neste brukar

Ragnhild 1911-1986

Ragnvald 1906-1984 vart 1942 gift med Magnhild Kroken, Dovre 1920-1998, dei hadde 4 barn:

Torbjørg f.1942, g.m. Svein Kristian Høiberg, Sel 1940-2017. Dahlberg.

Jostein f.1945, neste brukar

Bjørn f.1949

Tor 1951-2014, g.m. Torill Mork, Lom f.1953

Jostein Smedsmo f.1945 overtok etter faren i 1974 og kjøpte sygard Sunde gnr. 66 bnr. 13 i 1982. Jostein vart 1972 gift med Anna Lyngved, Lom f.1948 dotter til Ole K Lyngved f.1918 og Borghild Tøfte f.1919. Jostein og Anna har 3 barn:

Ronny Ove f.1973, neste brukar

Bodil f.1975

Johannes f.1981

Ronny Ove var smb. med Lill Bente Lian, dei har 3 barn:

Anja f.1994

Jonas f.1997

Linn f.1997

Eigar av Smedsmo gnr. 65 bnr. 1 er frå 2021 Smedsmo AS.

Skoglund, Vågåvegen 66, gnr. 65 bnr. 5 vart frådelt frå Smedsmo i 1937 med skjøte frå Johs. Smedsmo til Hans Rykhus. Dottera Kari Loftsgård Holø f.1947 overtok med skjøte i 1981.

Skoglund III gnr. 65 bnr. 12, Vågåvegen 64, vart frådelt frå Smedsmo i 1972 med skjøte i 1981 til Ivar Holø f.1943 og Kari Loftsgaard Holø f.1947.

Vågå gjestgiveri, Vågåvegen 74, gnr. 65 bnr. 6 vart frådelt i 1948 med skjøte frå Theodora Smedsmo til Antonette Edvardsen. Arvingane etter Antonette Edvardsen Mørk d.1968, Anne Gro Vestvik og Håkon S Mørk fekk notert hjemmelsovergang i 1972. Dei selde til Mona Wilberg med skjøte i 1972. Reidun Laengen fekk skjøte i 1984. Torbjørn Laengen f.1947 fekk skjøte i 1985, enkja Astrid Laengen skifteskjøte i 1987 og selde til Helmer Løland f.1934 og Solveig Løkken f.1946. Andre Sundero f.1960 overtok med skjøte i 1991.

Holmen, Vågåvegen 76, gnr. 65 bnr. 7 vart frådelt frå Smedsmo i 1951 med skjøte i 1954 frå Theodora Smedsmo til sonen Erling Smedsmo 1903-1972, g.m. Kjellborg Skjerven 1927-1987. Dottera Bergljot f.1943 overtok i 1980. Holmen omfattar både bustadhus og 7 da dyrka jord. Bergljot var gift med Pasquale Graniero 1925-2002, dei har 1 barn:

Elin f.1969

Smedsmohagen gnr. 65 bnr. 11, Vågåvegen 70 vart frådelt frå Smedsmo i 1972 med skjøte i 1973 frå Ragnvald Smedsmo f.1906 til Jostein Smedsmo f.1945.

Bjørklund gnr. 65 bnr. 13, Vågåvegen 68 vart frådelt frå Smedsmo i 1977 med skjøte frå Jostein Smedsmo til Bjørn Smedsmo f.1949.

Finnflate, Vågåvegen 80, gnr. 65 bnr. 3 vart frådelt frå Smedsmo i 1931 med skjøte frå Johs. Smedsmo til Vågå idrettslag. I 1985 fekk Jostein Smedsmo skjøte på dette makeskifta mot gnr. 65 bnr. 14 som er nedre del av idrettsplassen.

Vågåvegen 70 C, gnr. 65 bnr. 21 vart frådelt frå Smedsmo i 2006. Eigar er Ronny Ove Smedsmo f.1973. Ronny er gift med Merete Berg f.1989.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekter i Vågå og Lom, slekten på Fellese med søre Viste

Slekten på sygard Storvik med Garmo

Norske gardsbruk 1953 - 1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Gunnar Ottosen, Jutulen 2010: Kapellaner i Vågå sogn
Kåre Halvdan Bakke: Grev-slekta
J. B. Halvorsen 1885-1908: Norsk Forfatterlexikon 1814-1880

Bakerstugu – Smedsmostugu

I 1900 budde bakar Hans Erlandsen 1834-1913 frå Stangviksranden i Nord-Fron i Smedsmostugu. I 1910 var dette nemnd som stugu på Smedsmo grunn og Hans var baker på Vågå handelsforening. Hans vart 1886 gift med Kari Kristensdotter Bergeenden f.1852, dei hadde 5 barn:

- Elland f.1887
- Kristen f.1889, til Tangsæter
- Mathias 1891-1891
- Matias f.1893, ugift
- Knut f.1896, neste brukar

Knut Smedsmo f.1896 var gift med Kari Haugen. Dei hadde 3 barn:

- Hans
- Einar
- Marit

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.
Digitalarkivet: folketejingar

Formo

Petter Halfdan Lundh 1820-1886 vart 1850 gift med Imbjør Runningen 1821-1871 dotter til Johannes Christensen Runningen og Ragnhild Martinsdtr. Peter selde i 1875 Volden og Øyløkken, og i folketeljinga 1875 står urmakar Peter H Lundh og dei to yngste barna som busette på Moen så det tyder på at dette var tidspunktet for oppstart på Formo. I 1876 fekk han feste på eit jordstykke. Petter og Imbjør hadde 8 barn (alle med familienamn Lundh):

- Anne f.1845
- Ragnhild f.1848
- Andreas Molbech 1851-1930, neste brukar
- Johannes f.1852
- Aletta Dorthea f.1855
- Henrik Bjerregaard f.1858
- Andrea Marie 1860-1917
- Petronelle Elisabeth f.1863

Formo gnr. 66 bnr. 2 vart frådelt frå frå Vågå prestgard i 1888. Det var skjøte frå kyrkjedepartementet til Anders M Lundh for kr 300 i 1891. Formo hadde også eit jordstykke sør for Kræmar-Sandbu, Formovolden gnr. 18 bnr. 3 vart frådelt frå nordgard Sandbu i 1900. Anders (døyppt Andreas) vart 1875 gift med Julie Caroline Cristensen, Tønsberg 1855-1914, dei hadde 9 barn:

Peter Kristian f.1876

Sverre Emil f.1878

Helene Ingeborg f.1882, g.m Hans Storvik

Andreas Molbech 1884-1886

Ingeborg Marie 1887-1957, neste eigar

Andreas Molbech 1890-1971, g.m. Berit Brøndbo 1892-1987

Anna Maria 1893-1977, g.m. Tor Valbjør 1896-1980

Ragnhild Lovise f.1894, g.m. Olav Sørfonden

Kristian Bjerregaard f.1899

I 1922 var det skjøte frå Anders M Lundh til svigersonen Syver E Berge på Formo og gnr.18 bnr. 3 (jord ved Kræmarsandbu) for kr 40000,-. Ingeborg 1887-1957 var gift med Syver E. Berge 1882-1945, dei dreiv butikk og pensjonat. Ingeborg og Syver hadde 5 barn:

Erland 1907-1992, g.m. Ragnhild Bu, Lom 1917-1975

Anna, g.m. Jens Kjølén

Marie, g.m. Strøno

Liv, g.m. Hellem

Julie

Butikken vart bortleigd til Arne og Gunnar Storlien i 1949, og i 1957 kjøpte brødrene Storlien eigedommen Formo.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar

Gunnar Ottosen og Knut Raastad, Jutulen 2012: Bjerregaard og Lundh i Vågå

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Halland

Gnr. 66 bnr. 3, matr.no. 65, løbeno. 84c

Halland vart ikkje nemnd i folketeljinga i 1865, men i 1875 var familien Bu der og nemnd som landhandlar og husmann med jord. Ole Amundsen var i 1873 på Sande som han selde i 1874, men truleg har han starta oppbygging av Halland tidlegare. I 1868 fekk han festekontrakt på eit jordstykke av Halland på 8 mål, dette vart den jorda som Erland Knutsen Klokkargarden før brukte. Ole Amundsen Bu f. 1846 frå nedre Bu på Sel vart 1870 gift med

Ragnhild Thorsdotter Viste f.1851 dotter til Thor Simensen Viste. Ole Amundsen emigrerte til Amerika saman med barna kring 1900. Ole og Ragnhild hadde 5 barn:

Amund f.1871, til USA

Anne f.1873

Kari f.1875

Thor f.1877

Ragnhild f.1879

Ole Amundsen hadde også med Imbjør Olsdotter sonen:

Mathias Olsen f.1893

Seinare har bror til Ole overteke, Syver Amundsen Bu f.1839. Halland gnr. 66 bnr. 3 vart frådelt frå Vågå prestgard gnr. 66 bnr. 1 i 1888.

I 1875 var ein tredje bror på Halland, Iver Amundsen f.1853 vart da nemnd som logerande og landhandlar. Ved fødslar frå 1888 var han nemnd som landhandlar. I 1895 var det skjøte frå Syver A Bu til landhandlar Ivar Bu for kr 9350,-. Halland søre gnr. 66 bnr. 19 som var arealet aust for vegen vart frådelt frå Vågå prestgard med skjøte til landhandlar Ivar Bu i 1896 for kr 4675,-. Iver Amundsen Bu 1853-1934 vart 1882 gift med Anne Stenersdotter Storvik m 1861-1938 dotter til Steinar Johannessen Sveine f.1812 og Anne Jørgensdtr. Sveine f.1835. Iver og Anne hadde 8 barn:

Kari f.1883

Sigurd 1885-1945, g.m. Anne Kviten 1890-1920, g.2.m. Eline Sveen, Ringsaker f.1895

Anne 1888-1971, g.m. Ottar Heggenhaugen, g.2.m. Knut Sortdal

Aslaug 1891-1986, g.m. Helge Lillebø f.1882

Sigrun 1893-1974

Asmund 1896-1973, g.m. Anne Marie f.1900

Gudrun f.1898, seinare eigar

Steinar 1903-1978, neste brukar

Skjøte 1927 frå Ivar A Bu til Steinar Bu på denne eigedom og bnr. 19 for kr 62018,-. I 1933 vart det tinglyst erklæring om at eigedommen var seld ved tvangsauksjon. I 1933 var det forpaktingskontrakt på tre år frå Marit Berg til Steinar Bu. Steinar var gift med Kari Austrem 1906-1985. Dei hadde 3 barn:

Ivar 1937-1958

Otto 1939-1939

Ola Magne f.1946

I 1936 og 1937 vart det på nytt tinglyst erklæringar om at eigedommen var seld ved tvangsauksjon, og i 1937 var det auksjonsskjøte til Olav Ljøsne på gnr. 66 bnr. 3 og 19 for kr 26600,-. Olav Ljøsne 1888-1972 frå Lærdal var son til Hans Ljøsne og Ragnhild Ljøsne. Olav vart 1924 gift med Gudrun Bu f.1898. Olav og Gudrun hadde 2 barn:

Hans Ørbeck 1925-1995, neste eigar

Åse 1930-2011, g.m. Flugstad

Hans Ørbeck Ljøsne f.1925 overtok med skjøte i 1963.

I 1979 var det skjøte på Halland gnr. 66 bnr. 3 og 19 til Vågå kommune. I 1983 vart gnr. 66 bnr. 3 samanføynd med Smedsrud gnr. 66 bnr. 12.

Søre Bu gnr. 66 bnr. 191, Vågåvegen 53, som er gardstunet på Halland vart frådelt i 1990 og seld frå Vågå kommune til Helge Magnar Bergnord f.1950. Søre våningshuset har gnr. 66 bnr. 207.

Sørmo (Løvmo?) gnr. 66 bnr. 50, Vågåvegen 54, vart i 1928 frådelt frå Halland med skjøte frå Steinar Bu til Andreas M Lundh d.1971 for kr 900,-. I 1972 vart det notert hjemmel ved uskifte for enkja Berit Lundh. Dottera Inger Margrethe Aukrust f.1932 fekk skjøte i 1972.

Vågåmo samfunnshus gnr. 66 bnr. 96, Vågåvegen 60, vart frådelt frå Halland i 1959 og seld frå Olav Ljøsne til Vågå samfunnshus A/L.

Åkrø gnr. 66 bnr. 119, Halland 11, vart frådelt frå Halland i 1966 med skjøte i 1967 frå Hans Ljøsne til Thorvald Øvergård d.1988 g.m. Svanhild. I 1967 var det skjøte på halvdel av eigedommen til svigersonen Einar Engum g.m. Solveig f.1945.

Den nye idrettsplassen gnr. 66 bnr. 135, Vågåvegen 56, vart frådelt frå Halland i 1975 med skjøte til Vågå kommune i 1976. Vågå idrettslag fekk skjøte i 1977. **Vågåhallen** gnr. 66 bnr. 189, Vågåvegen 58, vart frådelt med skjøte til Vågå kommune i 1990.

Bu gnr. 66 bnr. 87, Vågåvegen 61, vart frådelt frå Halland i 1954 med skjøte i 1959 frå Olav Ljøsne til Asmund Bu 1896-1973. I 1975 vart det notert hjemmel ved uskifte til enkja Anne Marie Bu f.1900. Same året i 1975 var det skjøte frå Anne Marie Bu til sonen Ivar Bu f.1926.

Nybu gnr. 66 bnr. 117, Vågåvegen 63, vart frådelt frå Halland i 1963 med skjøte frå Olav Ljøsne til Steinar Bu f.1903-1978. I 1978 vart det notert hjemmel ved uskifte til enkja Kari Bu 1906-1985. I 1986 var det heimelsovergang til Ola Magne Bu f.1946. I 1990 var det skjøte til Vågå kommune.

Våningshus på Hallands grunn

I 1910 budde enkjemannen Petter Toresen f.1840 i eit våningshus på Hallands grunn. Petter var garvarmester.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar

Norske gardsbruk 1953 - 1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

myheritage.no: Steinar Bu m.fl.

Grindstugu søre

Soldat Amund Iversen f.ca.1755 d.1833 vart 1783 gift med Rønov Olsdotter 1757-1827. I 1801 var desse husmenn med jord under prestgarden. Saman med dei budde også mor til Rønnav, Aaste Nielsdr. f.ca.1721. Rønnav var frå Finnbrustugu dotter til Ole Arnesen og Åste Nilsdr. Amund var frå nordgard Sandbu son til Ivar Olsen Sandbu n. f.1702 d.ca.1782 og Sigrid Persdotter Faukstad s. f.ca.1715 Amund og Rønnav hadde 2 barn:

Aaste 1783-1862, g.m. Poul Rasmussen f.ca.1776 d.1855. Rustbrekka.

Gunhild f.1797, g.m. Jacob Pedersen

I 1865 var Rasmus Paulsen 1804-1871 husmann med jord. Rasmus Paulsen Rustbrekka var son til Paul Rasmussen Brekken Haagenstadeiet og Aaste Amundsdr. Grindstuen, han overtok såleis Grindstuen etter besteforeldra. Rasmus vart 1840 gift med Brit Johannesdotter 1810-1901, dotter til Johanes Bryniløygarden. Ved fødselar vart dei nemnde i Grindstuen / Prestgardseie frå 1840. Rasmus og Brit hadde 10 barn:

Marit f.1832

Iver 1838-1838

Iver f.1840, neste brukar

Paul 1841, til Christiania

Johannes f.1843, g.m. Brit Pedersdotter f.1846

Amund f.1845, til Christiania 1862

Ole f.1847

Anders 1849-1850

Anders f.1854, til Amerika

Rønnoug 1856-1856

I 1875 var smeden Iver Rasmussen f.1840 husmann med jord. I 1880 var det festeseddel på levetid frå presten til Iver Rasmussen på plassen Grindstuen søndre for årleg avgift kr 16. Grindstuen søndre gnr. 66 bnr. 4 vart frådelt frå Vågå prestgard i 1888. I 1891 var det skjøte frå kyrkjedepartementet til Iver Rasmussen for kr 800. Iver Rasmussen 1840-1900 vart 1868 gift med Anne Johannesdotter Vang 1840-1909 dotter til Johannes Iversen Vangen 1795-1877 og Ingebjørg Christensdr. Kjøpanger f.ca.1798 d.1878. Ivar og Anne hadde 3 barn:

Johannes 1868-1869

Paul 1870-1890

Marit 1876-1911, neste brukar

Grindstugu. Foto: Iver Storvik



I 1909 var det dottera Marit Iversdotter Grindstuen 1876-1911 som skreiv ut ein pantobligasjon, faren døydde i 1900 og mora i 1909. I 1910 vart Marit nemnd som gardbrukar.

I 1911 var det skjøte frå Iver Rasmussen Grindstuen og hustrus einaste arving Marit Iversdotter Grindstuen til Torstein O Lunn for kr 4500.

I 1917 var det skjøte frå T. O Lunn til Vågå kommune for kr 18000. Nå er dette barnehagen og ungdomsskulen. Husa låg der barnehagen er.

Krokstad gnr. 66 bnr. 83 vart frådelt frå søre Grindstugu i 1951 med skjøte til Anders Kleiven f.1899-1967 i 1952. Enkja Marie d.1975 fekk tinglyst hjemmel ved overgang til uskifte i 1967. Sonen Magnar f.1947 overtok med skjøte i 1972. I 1976 vart Krokstad seld med skjøte til Vågå kommune og er seinare samanføyd med gnr. 66 bnr. 4 og er nå nordvestre hjørna av ungdomsskule- barnehagetomta.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekter Vågå og Lom, slekten på Nigard Kvarberg med Lye

Postmo

Soldat Hans Andersen vart 1772 gift med Kari Gundersdotter f.ca.1744 d.1829, det er mogleg at dei var her. Hans og Kari hadde truleg 2 barn:

Poul 1771-1828, neste brukar

Toro f.1778

Poul Hansen Præstegaard 1771-1828 var enkjemann da han i 1819 vart gift med Mali Hansdotter Klones f.ca.1788 d.1840. Ved skifte i 1840-1842 er dei nemnd Vågå Prestegård med plassen Haugen i parentes, dermed er det usikkert kvar desse to fyrste generasjonane budde. Paul og Mari hadde 3 barn:

Kari f.1818

Ingeborg 1822-1904, neste brukar

Anne f.1827

I 1865 og 1875 var Ener Moe 1821-1892 lærar, postopnar og husmann. Han fekk i 1861 husmannsseddel på plassen Vaagemoen. Ener var utanfor ekteskap son til John Madsen Storvikseiet 1793-1834 og Thore Knutsdtr. Sundeeje f.ca.1794 d.etter 1865. Ener vart 1849 gift med Ingeborg Paulsdotter 1822-1904. Postmo gnr. 66 bnr. 5 vart frådelt frå Vågå prestgard i 1888, og i 1890 var det skjøte frå kyrkjedepartementet til Einar Johnsen for kr 300. Ener og Ingeborg hadde 7 barn:

Knut f.1848, til Amerika

Hans f.1850

Ragnhild f.1853

Imbjør 1858-1858

Imbjør f.1858

Mari f.1860, neste brukar

Thor f.1864

Mari vart 1889 gift med Engebret Pedersen Uldalen, Sel 1857-1937. Ho budde på Postmo med barna og flytta til Sel i 1906. Dei hadde 6 barn:

Kristian f.1889

Einar f.1892

Ragnhild f.1894, seinare eigar

Per f.1896

Helga f.1898, neste eigar

Ingebjørg f.1902

I 1936 vart det tinglyst erklæring om at Helga Uldalen hadde grunnbokshjemmel til Postmo. Lenge var Postmo bortleigd.

I 1965 var det skjøte frå Helga Uldalen til systera Ragnhild Bø 1894-1979. Ragnhild Uldalen var gift med Kristian Magnus Bø, Ringebu f.1891. Kristian Magnus fekk hjemmel ved overgang til uskifte i 1979.

Nå er det oldebarnet til Mari og Engebret Uldalen, Anders Nordnes som har Postmo.

Eit areal av Postmo vart i 1991 frådelt for byggjing av leiligheiter på Runningslykkja.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.
Knud E Mo, Jutulen 2020: Skolehistorie fra gamle dage
Gunnar Gjesling Sandbo, Jutulen 2016: Posthistorie for Vågå

Slettmo

Soldat Nils Olsen f.ca.1722 d.1782 vart 1756 gift med Anne Erichsdotter f.ca.1721 d.1800. Ved skifte i 1782 var Nils nemnd som Nils Olsen Prestgaarden medan Anne døydde på Moen i 1800, og det kan vera her. Nils og Anne hadde 5 barn:

Ole f.1758, neste brukar
Anne 1761-1782
Erich f.1763
Kari f.1767
Amund f.1772

Ole Nilsen f.ca.1758 d.1843 var i 1801 husmann med jord under prestgarden. Ole vart 1782 gift med Guri Jonsdotter Sundjordet f.ca.1762 d.1851. Dei hadde 7 barn:

Nils 1782-1782
Kari f.1784
Anne 1787-1858, g.m. Jakob Jonsen Gjelbakken Jakobstugu 1789-1857
Elie f.ca.1791
Nils f.1793, neste brukar
Jon f.1797
Ole 1801-1864, g.m. Anne Syversdtr. Gaarden 1801-1885. Til Sveum.
Anders f.1808

Nils Olsen Moen 1793-1874 var i 1865 husmann med jord og fiskar. Han vart 1826 gift med Marit Olsdotter Visdal f.ca.1803 d.1884. Dei hadde 4 barn:

Guri 1825-1904, g.m. John Hansen Lyeneie 1820-1879, i Storsteinen
Anne f.1828
Ole f.1833, neste brukar
Ole f.1842, til USA

Slettmo gnr. 66 bnr. 6 vart frådelt frå Vågå prestgard i 1888, og i 1889 var det kongeleg skjøte til Ole Nilsen for kr 1400. Ole Nilsen Moen f.1833 var i 1875 husmann med jord, han fekk i 1876 festeseddel på Moen. Ole vart 1862 gift med Rannei Johannesdotter Vang 1825-1917 dotter til Johannes Iversen Vangen 1795-1877 og Ingebjørg Christensdtr. Kjøpanger f.ca.1798 d.1878. Ole og Rannei hadde 3 barn:

Marit 1863-1895, g.m. treskjærar Syver Jakobsen Joten 1866-1946
Nils 1868-1868
Johannes f.1868

I 1915 var det skjøte frå Rennei J Moen til Johan I Moen f.1891 for kr 750. I flg. Norske gardsbruk var dette Johan Jotun. Johan 1891-1971 var frå nabobruket Fagernes, son til Syver Jakobsen Joten 1866-1946 og Marit Olsdtr. Slettmo 1863-1895, Johan overtok dermed etter bestemora. Johan kom seinare til Brumolykkja. Han var gift med Anne Olsdotter Øygarden 1894-1969.

I 1931 var det skjøte frå Johan I Moen til Hans R Groven 1885-1936 for kr 14000.

Syster til Hans Groven, Inger Groven 1899-1985 overtok som testamentsarving i 1936. Inger vart 1942 gift med Anders Bakken 1891-1979 son til Mari og Ola Klonesbakken. Jordvegen på Slettmo vart frådelt i 1950 som Slettnes 1 gnr. 66 bnr. 82 og selde til Klones for kr 16000,-.

Bjørn Groven overtok etter tanta i 1978. Bjørn Groven f.1938 son til Olav Groven 1902-1964 og Sigrid Weggerud, Sigdal f.1912. Bjørn vart 1967 gift med Marit Løkken, Skåbu f.1945 dotter til Trygve Løkken f.1910 og Karen Tøfte f.1919. Bjørn og Marit har 3 barn:

Karen Synne f.1971

Inger Anne f.1974

Trygve f.1977

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slektar i Vågå og Lom, slekten på Nigard Kvarberg med Lye

Fagernes

Fagernes gnr. 66 bnr. 7 vart frådelt frå Vågå prestgard i 1888. Det var kongeleg skjøte i 1889 til Johan Østensen for kr 1800. Johan Østensen Moen f.1817 d.etter 1900 var son til ugifte Østen Arnesen på Pressmo og Eli Olsdotter. Dette kan vera Eli Olsdotter Slettmo f.ca. 1790 d.1844. Johan vart nemnd i 1865 og 1875 som husmann med jord, han var gift med Johanne Bolette Jonasdatter frå Kristiansund 1808-1893.

I 1892 var det skjøte frå Johan Østensen Moen og hustru Johanne B Moen til Syver Jakobsen Joten for kr 2500 samt lausøyre, seljarane heldt att føderåd. Treskjærar Syver Jakobsen Joten 1866-1946 vart 1890 gift med Marit Olsdotter Slettmo 1863-1895 dotter til Ole Nilsen Moen f.1833 og Rannei Johannesdatter Vang 1825-1917. Syver og Marit hadde 2 barn:

Johan 1891-1971, til Slettmo og Brumolykkja

Jakob 1893-1978, g.m. Kari Skjedsvoll 1893-1966. snekkerverkstad der paviljongen er nå.

I 1898 var det skifte i Marit Olsdotters bu slik at enkjemannen Syver Jakobsen Joten overtok denne eigedommen for kr 6000. Syver Joten vart 1898 gift på nytt med Klara Hansdotter Havig f.1877, familien flytta til Hauketo i Oslo. Syver og Klara hadde 6 barn:

Kari 1899-1978, g.m. Johan Henrik Partapuoli 1900-1972

Hans f.1901
Sigurd f.1903
Karen f.1905
Olof f.1908
Harald f.1910



Nermoein med Haug, Haugamoen, Slettmo og Fagernes. Foto frå Anne Marie Bolstad.

I 1900 budde bankkasserar Paul Frisvold f.1946 med familie i den andre bygningen på Fagernes.

I 1910 var det skjøte frå Syver Jakobsen Joten til Hans Hansen for kr 6500. Hans Hansen 1869-1929 var frå Kjørarstugu under Lye, son til Hans Olsen Kleppeeige f.1838 og Marit Hansdtr. Daleeige, Sel f.1848. Hans var i hennar andre ekteskap gift med Kari Jakobsdotter Husehaugen 1864-1953 dotter til Jakob Olsen. Hans og Kari kjøpte i 1920 Fagerli. Kari vart 1887 gift med Anders Olsen Skjellum f.1864 d.ca.1890 son til Ole Olsen. I 1900 var enkja Kari i teneste på Blessom. Kari og Anders hadde 1 barn:
Ola f.1887, g.m. Anne Skjedsvold f.1890. Til Sandbugarden.

Skjøte i 1920 var frå Hans H Fagernes til Ole I Mo, og prisen var kr 22500.
I 1922 leigde Ole Mo bort garden til Kristen Smedsmo for fem år.

I 1928 var det skjøte frå Ole Mo til Per Vange for kr 16500 inkl. lausøyre kr 1500. Per Vange f.1893 var son til P. Vange og Anne Bustad. Per vart 1926 gift med Maria Bakken, Skjåk 1896-1974. Jordvegen på Fagernes vart frådelt i 1950 som Slettnes 2 gnr. 66 bnr. 81 og seld til Klones for kr 20000,-. Per og Maria hadde 2 barn:

Anne f.1927

Torgeir f.1931, neste eigar

Torgeir overtok i 1963, foreldra skulle ha burett og disposisjonsrett på si levetid.

Stein Gården kjøpte Fagernes i 1979. Stein Gården f.1956 son til Kristian Gården f.1924 og Aslaug Jonsgard, Skjåk f.1923, vart 1979 gift med Torild Haugom, Lom dotter til Odd Haugom f.1931 og Marit Nettet f.1936. Stein og Torild har 2 barn:

Kai Ove f.1978

Anne Mette f.1980

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar

Norske gardsbruk 1953 - 1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Gunnar Ottosen: notat om folketeljinga for 1900

Haugen

Ei usikker kartskisse frå 1860 viser at Jehans Haugen budde vest for Gudbrandstugu. Det kan sjå ut til at Haugen utgjorde mykje av jorda vest for husa i Gudbrandstugu. I 1865 var Johannes Andersen f.ca.1807 husmann med jord på Haugen, men hadde ikkje dyr. Han vart 1833 gift med Else Hansdotter Moen under Prestgarden f.ca.1809 d.1871 dotter til Hans Olsen Moen.

(Det er usikkert kvar Hans Olsen Moen var, kanskje var det her. Truleg hadde han 3 barn: Elie f.1804, Elie f.1805 og Else f.1809).

Johannes og Else hadde 9 barn:

Rønnaug f.1832

Gunild f.1834

Marit 1837-1911, neste brukar

Anders f.1840

Ole f.1842

Johannes f.1845

Hans f.1849

Jacob 1853-1853

Mari f.1854

I 1900 budde Marit J Haugen i ei stugu på prestgardsgrunn som vart nemnd som Maritstuen. Kristian Gudbrandstuen opplyser at dottera budde i ei stugu som stod på ei røys lengst vest på

Gudbrandstugujordet. I 1910 budde Marit og dottera i ei stugu ovanfor Torestugu. Marit hadde 2 barn:

Olea Jacobsdotter 1864-1940, faren var Jacob Olsen Storvikseie. Kjend som "stor-Olea"
Gunhild Olsdotter f.1871 (fødd I Oppdal)

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljinar

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Haug

Anders Hansen 1774-1818 var truleg son til Hans Andersen Haugen i Kveom f.ca.1754 og kanskje Kari Gundersdtr. f.ca. 1745 d.1829. Anders vart 1805 gift med Rønnov Jacobsdotter f.ca.1779 d.1841. Ved fødslar vart det nemnd Moen og Vågå prestegardseie. Anders og Rønnaug hadde 3 barn:

Johannes f.ca.1807, Haugen ved Gudbrandstugu

Hans f.1812

Jacob f.1816

Rønnov hadde før ekteskapet 1 barn med soldat Engebret Olsen:

Lars 1802-1837, neste brukar

Lars Embrechtsen 1802-1837 vart 1829 gift med Anne Isachsdotter Øiseie (truleg Karusbakken) f.ca.1807 dotter til Isach Rasmussen. Ved skifte etter Lars i 1837 vart det nemnd plassen Brenden under Vågå prestgard, men i kyrkjeboka står det at han var husmann på Haugen under Vågå prestgard. Ved barnefødsel i 1830 var dei på Øiseie, medan dei var på Haugen under Ulensoi i 1833. Lars og Anne hadde 2 barn:

Rønnoug f.1830

Isac f.1833, g.m. Anne Pedersdtr. Skjellum f.1842. Til Skomakerstugu

I 1865 og 1875 var Hans Olsen husmann med jord og snekker, og Haugen vart nemnd ved barnefødslar frå 1844. Haugen gnr. 66 bnr. 8 vart frådelt frå Vågå prestgard i 1888. I 1890 var det skjøte frå kyrkjedepartementet til Hans Olsen Haugen for kr 620. Hans Olsen 1815-1899 frå Helleløyken var son til Ole Olsen Helleløyken f.ca.1788 d.1875 og Anne Olsdtr. f.ca.1786 d.1855. Hans Olsen vart 1841 gift med Kari Pålsdotter Kveen 1818-1913 dotter til Poul Hansen f.ca.1773 d.1828 og Mali Hansdtr. Klones f.ca.1789 d.1840. Hans og Kari hadde 4 barn:

Kari f.1841, g.m. Jon Olsen Sandebakken f.1834

Anne 1844-1922

Ole 1846-1922, neste brukar

Hans f.1852

I 1895 vart det tinglyst føderåd frå O H Haug til Hans Olsen og Kari Pålsdotter. Ole Hansen Haug 1946-1922 var i 1900 gardbrukar og fanejunker. Ole vart 1874 gift med Ragnhild Thorsdr. Myrum 1847-1919, dei hadde 4 barn:

Kari 1875-1955

Hans 1879-1934, neste brukar

Thor 1882-1968, seinare brukar

Mathias 1886-1886

I 1922 var det skjøte frå O H Haug til sonen Hans O Haug for kr 2500 inkl. lausøyre. Hans O Haug døydde i 1934.

I 1945 vart det tinglyst erklæring om at Thor O Haug hadde grunnboksheimel til denne eigedommen i samsvar med tinglysing i 1939. Thor Haug kjøpte Torestugu i 1913 og familien budde der, men da stugu der brann i 1946 flytta dei til Haug. Thor Haug 1882-1968 var gift med Charlotte Vindås 1876-1939, dei hadde 8 barn:

Ola 1909-1991, gift 1934 med Lina Opheim 1915-1990, i Torestugu

Anna 1910-1997, g.m. Knut Sønstelien f.1904

Ragnhild 1911-1956

Kari f.1913

Margit 1914-1998, g.m. Per Skeidsvoll 1905-1995

Thoralf 1916-1968

Harald 1920-1999, g.m. Ella Skogheim 1923-1985

Helge 1920-1920

Etter at Thor Haug døydde i 1968 vart Haug seld i 1972 til Han og Kassina Wijnen frå Nederland som bygde opp Haug til turistbedrift.

Øystein Gården på nabobruket Haugamoen kjøpte Haug i 2017.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slektar Vågå og Lom, slekten på Fellese med Helle

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Gunnar Ottosen: notat om folketeljinga for 1900

Vågå handelsforening med gammelbyggnaden i to etasjer. Foto frå Gunnar Sandbo.



Finmo – Vågå handelsforening

Vågå handelsforening fekk i 1873 festekontrakt frå prestgarden. Finmo gnr. 66 bnr. 9 vart frådelt frå Vågå prestgard i 1888, og skjøte frå kyrkjedepartementet til Vågå handelsforening for kr 400 vart tinglyst i 1894. Ny frådelling av gnr. 66 bnr. 34 skjedde i 1913, og Vågå handelsforening fekk skjøte frå kyrkjedepartementet i 1915 for kr 1455,60.

Paul Frisvold var styrar 1873-1876, men det er usikkert om han budde her. Jo Strand var styrar 1876-1881, han budde på nordgard Sandnes.

Folketeljinga 1891 viser ugifte Hans Eriksen Kvarberg f.1858 som busett på det som truleg var Finmo. Han var styrar 1881-1899.

I 1900 budde handelsbestyrar Johannes Rasmussen 1868-1954 frå Ulefos på Finmo. Han vart 1902 gift med Mari Olsdotter Sandbu f.1883. Rasmussen var styrar 1899-1909, etter dette etablerte han eigen butikk som seinare vart overteke av samvirkelaget.

I 1910 og 1920 budde ugifte handelsstyrar Oluf T Strandli f.1873 frå Elverum på Finmo. Strandli var styrar 1908-1932.

Gammelbyggnaden på handelsforeninga vart flytta lengst vest på tomte like ved huset til Husehaugen og brukt som bustadhus. Nedanfor dette låg slakteriet til handelsforeninga.

Rolf Steberg var styrar 1932-1957. Ola Slind var styrar frå 1957 og budde på handelsforeninga.

Frå 2000 vart handelsforeninga omorganisert til å bli eit eigeidomsselskap, tidlegare tilsette oppretta sine egne firma som stod for drifta. Vågå handelsforening vart i 2012 omdanna frå andelslag til aksjeselskap for å oppfylle nye krav i lovverket. Bygningen vart i 2018 seld til eit

eigedomsselskap i Brumunddal og selskapet Vågå handelsforening AS vart avvikla. Frå 2022 fekk bygget nåverande eigar.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljinar

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Gunnar Ottosen: notat om folketeljinga for 1900

Trygve Håkenstad, 1973: Vågå Handelsforening 1873-1973

Brustugu

I 1760 var det skifte etter Ole Olsen Brustuen f.ca.1698 d.ca.1760. Syskenflokket var:

Lars, d.før 1760, hadde barna Ole f.ca.1746 og Barbro som var gift med Tron Olsen

Randi g.m. Arne Snerlehøgen

Marit, enkje i 1760

Ragnhild, neste brukar

Brustugu vart nemnd ved fødsel i 1740. Peder Brustuen vart da nemnd. Skifte i 1760 og kontrakt i 1771 viser at Peder var gift med Ragnhild Olsdotter. Peder hadde 2 barn:

Peder f.1740, neste brukar

Svend f.1746

Peder Pedersen Brustuen f.1740 var gift med Gunild Torsdotter Kleivrud f.ca.1745. I 1801 var Peder og Gunhild i Preststulen. Peder og Gunhild hadde 4 barn:

Ragnhild f.1765

Aase f.1770

Peder f.1773, neste brukar

Anne f.1781

Peder Pedersen Brustuen 1773-1852 vart 1797 gift med Kari Olsdotter 1872-1863. Ved fødsel vart dei nemnde på Skjedsvoll i 1820. Dei hadde 7 barn:

Peder 1799-1866 g.m. Anne Toresdtr. Moen f.ca.1798. På Skjedsvoll.

Anne 1801-1884, Jørgen Erlandsen Haugen 1793-1851. Til Sveine

Ole 1803-1880, neste brukar

Gunild f.1807, gm. Ole Christophersen Galstad

Kari f.1808 gm. Thor Svare, g.2.m. broren Ola Svare

Tord f.1812 gm. Ragnhild Iversdtr. Svare f.1811. På nistugu nørre Skjedsvoll.

Jon f.1820, gm. Kari Jonsdtr. Strand (Uppåstrond).

I 1865 og 1875 var Ole Pedersen f.1803 føderådsmann. Ole Pedersen Skjedsvold 1803-1880 vart 1828 gift med Anne Olsdotter Bøje, Skjåk 1807-1886, dotter til Ole Nilsen Bøje og Sigrd Olsdotter Ånstad. Ole og Anne hadde 8 barn:

Peder 1829-1919, neste brukar

Ole f.1831, g.m. Barbro Arnesdtr. Klones f.1826. Til Sæta. Til Byron Minnesota 1869
Ole f.1834 d.ca.1870, til USA 1869
Kari f.1836, g.m. Iver Sten, til USA 1869
Nils f.1839, g.m. Kari Syversdtr. Ryen, Heidal f.ca.1836. Til Byron Minnesota 1869
Thor 1842-1908, skulelærer i 1865, g.m. Ingeborg Strand d.1934. Til USA 1868.
Kari f.1844
John 1847-1925, til USA 1868, g.m. Kari Syversdtr. Sandnes 1861-1943

I 1865 og 1875 var Peder Olsen 1829-1919 husmann med jord. Peder Brostuen og kone fekk i 1878 festeseddel på levetid frå presten mot årleg avgift. Peder Olsen vart 1854 gift med Sigrid Olsdotter Moen 1831-1917 frå Pressmo, dotter til Ole Larsen Kleiveneie 1797-1877 og Anne Arnesdatter Prestgardseiet 1796-1867. Peder og Sigrid hadde 10 barn:

Anne f.1854, til Sør-Dakota
Anne f.1856, til Sør-Dakota
Kari 1859-1867, til Sør-Dakota
Ole f.1861, til Sør-Dakota
Rønnog f.1864, til Sør-Dakota
Ole 1867-1948, var ei til i USA, neste brukar
Kari f.1869, til Sør-Dakota
Johanne f.1872, til Sør-Dakota
Imbjør f.1875, til Sør-Dakota
tvilling 1875-1875

Brustugu gnr. 66 bnr. 11 vart frådelt frå Vågå prestgard i 1891, og i 1895 var det skjøte frå kyrkjedepartementet til Ole Pedersen Brostuen for kr 1600. Peder Olsen og Sigrid Olsdotter fekk tinglyst føderådsbrev i 1900. Ole P Brostuen 1867-1948 var i 1900 gardbrukar og i 1910 også handelsmann, han var gift med Ingri Olsdotter Stadsviken 1874-1947. Dei hadde 9 barn:

Signe f.1899
Peder f.1902, til Sør-Dakota 1926/27
Olof f.1904, til Sør-Dakota 1926/27
Reidar f.1905, til Sør-Dakota 1926/27
Ole f.1907, til Sør-Dakota 1926/27
Kari f.1910
Alvin 1912-1985, seinare brukar
Jørgine 1915-1961, g.m. Lars Stykket
Rønnaug 1917-1988, g.m. Birger Borgersen 1916-2005

I 1929 var det tinglyst kjøpekontrakt på Brustugu frå Ole P Brostuen til Gabriel Kvamme f.1861 for kr 18200 inkl. lausøyre kr 2200. Gabriel var gift med Anne Andersd. Lunna f.1874.

I 1936 var det odelsløyings-skjøte frå Gabriel Kvamme til Jørgine Brostuen for kr 13500.

Alvin Brustuen 1912-1985 son til Ole P Brustuen og Ingrid Stadsviken overtok iflg. Norske gardsbruk etter faren i 1937. Alvin fekk skjøte i 1965 frå enkjemannen til Jørgine, Lars

Stykket. Alvin vart 1947 gift med Marit Olsdotter Vangen, Randsverk f.1924, dei hadde 2 barn:

Ingrid f.1948

Åse f.1954, neste brukar

Åse overtok etter faren i 1980. Ho vart 1976 gift med Per Andersbakken, Skjåk f.1948 son til Olav Andersbakken f.1910 og Signe Nygjerdet f.1922. Åse og Per har 2 barn:

Morten f.1975

Aud f.1978

Einstad gnr. 66 bnr. 57, Brumovegen 2, vart frådelt frå Brustugu i 1935. I 1937 var det skjøte til Sigrid Enstad frå Anne Kvamme som sat i uskifta bu etter sin avdøde mann Gabriel Kvamme. Arvingane etter Sigrid og Hans Enstad, Hulda Kristiansen, Jetta Sveen, Aslaug Garmo, Helga Einbu, Haldis Aasheim og Kåre Øvstedal fekk i 1985 hjemmel, og selde samtidig eigdommen med skjøte til Sidsel og Ivar Haugstad.

Elvestad gnr. 66 bnr. 78, Brumovegen 4, vart frådelt frå Brustugu i 1947 med skjøte frå Jørgine Stykket til svogeren Birger Borgersen. I 1972 var det skjøte frå Birger Borgersen til Syver Grevrusten.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar

Norske gardsbruk 1953 - 1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Per Stykket, Fjuken 26.3.2026: Frå Vågå til Midt-Vesten

Brustugu

På 1700-talet ser det ut til at Brustugu var to bruk. Ungkar Christen Rasmussen Brustuen vart 1753 gift med Imbjør Christensdotter f.ca.1742 d.1773. Christen og Imbjør hadde 4 barn:

Rasmus 1753-1801, neste brukar

Christen f.ca.1757 d.1836, g.m. Kari Amundsdr. Kjøpanger 1761-1839. I Kjøpanger.

Synnef f.1759

Imbiør f.ca.1769

Rasmus Christensen 1753-1801 vart 1776 gift med Kari Poulsdotter. I 1801 var dei husmenn med jord under Håkenstad truleg i Brekka. Rasmus og Kari hadde 6 barn:

Imbiør f.1777

Povel f.1779

Ragnild f.1781

Anders f.ca.1788

Sigri f.ca.1793

Kari f.ca.1797

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Smedsrud - Smedmoen

I 1865 var Iver Olsen smed og husmann med jord på Moen. Iver Olsen 1795-1867 var son til Ole Rolfsen Trælviken 1761-1803 og Bollete Ingebretsdtr. 1778-1803, Iver voks truleg opp på Fellese. Iver vart 1839 gift med Anne Hansdotter Pillarviken 1804-1884 dotter til Hans Olsen Kongsparten Pillervig. Ved fødslar vart Iver og Anne nemnde i Smedmoen frå 1840. I 1875 var Anne huskone/husmannsenke. Iver og Anne hadde 2 barn:

Ole 1840-1928, neste brukar

Hans 1843-1852

I 1881 var det festeseddel frå sognepresten til Ole Iversen Mo på plassen Moen mot årleg avgift kr 16. Smedsrud gnr. 66 bnr. 12 vart frådelt frå Vågå prestgard gnr. 66 bnr. 1 i 1892 med skjøte i 1893 til Iva Olsen Mo for kr 900. Det var både Iva og faren Ole Iversen Mo som skreiv pantobligasjon i 1894 og 1899. Ole Iversen Moen 1840-1928 var i 1865 sersjant, han vart 1867 gift med Kari Olsdotter Brustuen 1844-1929 dotter til Ole Pedersen Brustuen. I 1900 var Ole telefonbestyrar og gardbrukar, Kari dreiv losji og kafe. Ole og Kari hadde 11 barn:

Anne f.1868

Anna f.1870

Ivar 1871-1943, neste brukar

Ole f.1874, til USA

Mari f.1876

Kari 1878-1879

Hans 1880-1881

Kari f.1882

Hanna f.1885, g.m. Syver H Bråten øvre f.1887

Thor 1888-1889

Thor 1891-1901

I 1923 var det skjøte frå Ole I Mo og hustru Kari Olsdotter til sonen Iva O Mo på bygningar og lausøyre for kr 3600, jorda hadde han som nemnd fått skjøte på i 1893. Ivar Mo vart 1905 gift med Mari nedre Stokstad 1872-1929, dei hadde 2 barn:

Kari 1907-1997, g.m. Øyvind Holen, Heidal 1901-1997

Anne 1910-1994, g.m. Gustav Klashaugen, Heidal 1899-1988

I 1948 vart det notert heimsovergang til Kari Holen og Anne Mo. Same året i 1948 var det skjøte frå Anne Klashaugen til systera Kari Holen på halve egedommen, ho vart dermed eigar av alt.

I 1976 var det skjøte til Vågå kommune.

Moavegen 22. I 1987 vart det oppretta festekontrakt for gnr. 66 bnr. 12 feste nr. 2 med Torstein Melby.

Moavegen 13 (verna bustader) gnr. 66 bnr. 188 vart frådelt frå bl.a. gnr. 66 bnr. 12 i 1989.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slektar Vågå og Lom, Tolstadslekten

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Brumoen

Syver Jonsen Raastad nordgard 1780-1840 var son til Jon Arnesen Raastad n. f.ca.1737 d.1824 og Rønnaug Jonsdtr. Storvik m. f.ca.1745. Syver vart 1816 gift med Kari Jonsdotter Sønsteng 1795-1845. Ved fødsler var Syver og Kari på Prestgardseie frå 1826. Syver og Kari hadde 7 barn:

Jon 1816-1832

Eldri f.1818, neste brukar

Rønnaug f.1819

Ragnhild f.1822

Anne f.1823

Ole f.1826, g.m. Gunhild Eriksdtr. Siem f.1826, til Trondheim

Syver f.1829

Eldri Syversdotter Moen 1818-1890 vart 1852 gift med Nils Halvorsen Felleselekkjen 1825-1902, i 1865 og 1875 vart han nemnd som husmann med jord. Nils og Eldri hadde 3 barn:

Hans 1852-1852

Kari f.1854

Anne 1857-1933, neste brukar

Anne Nilsson Moen vart 1885 gift med Peder Jakobsen Jotun f.1859 son til Jakob Pedersen. Brumoen gnr. 66 bnr. 14 vart frådelt frå Vågå prestgard gnr. 66 bnr. 1 i 1892 med skjøte tinglyst i 1893 til Peder Jakobsen Joten for kr 1500, dette omfatta også Brumolykkja og truleg var det berre der det var bygningar denne tida.

Kvilheim gnr. 66 bnr. 22 vart frådelt og seld i 1900 og Kvilheimvolden bnr. 25 i 1902.

Brumolykkja gnr. 66 bnr. 24 vart frådelt frå Brumoen i 1902.

I 1907 var det skjøte på Brumoen frå Peder Joten til Johan Øvstedal for kr 2500. Johan Øvstedal f.1869 var gift med Hanna Hanekamhaug f.1869, dei hadde 6 barn:

Kaspar f.1895
Sigrid f.1897
Aslaug f.1900
Helga f.1903
Gjertrud f.1906
Harald 1909-1969

I 1946 var det skjøte frå Johan og Hanna Øverstedal til sonen Harald Øverstedal for kr 16500 inkl. lausøyre kr 8500. I Norskee gardsbruk står det at han overtok i 1938. Harald Øvstedal vart 1941 gift med Kari Lund, Lom f.1920, dei hadde 2 barn:

Haldis f.1942, neste eigar
Kåre Johan f.1944

Haldis f.1942 vart 1963 gift med Georg Aasheim f.1935 son til Nils Valde Aasheim f.1892 og Rønnaug Hammerdalen, Lom f.1894. Haldis og Georg overtok i 1984.

Haraldstad gnr. 66 bnr. 108, Brumovegen 5, vart frådelt frå Brumoen i 1959 med skjøte frå Harald Øvstedal til Jørgen Sandviken f.1917. Ymbjörg Kari Sandviken f.1967 fekk skjøte i 1990.

Synnøvsstad gnr. 66 bnr. 131, Nedre Nordheradsvegen 1, vart frådelt frå Brumoen i 1973 med skjøte frå Kari Øvstedal f.1920 til Kåre Øvstedal f.1944. I 1985 var det skjøte til Anne Marie f.1957 og Arne H Østgård f.1952.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar

Norske gardsbruk 1953 - 1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Brumolykkja

Eldri Syversdotter Moen 1818-1890 var frå Brumoen, dotter til Syver Jonsen Raastad n. f.ca.1780 og Kari Jonsdotter Sønsteng f.ca.1788. Eldri vart 1852 gift med Nils Halvorsen Felleaseløkken 1825-1902. Ei kartskisse frå 1860 viser at dei budde ovanfor Brumoen. Dei har overteke i Brumoen og i 1865 og 1875 vart Nils nemnd som husmann med jord, da har nok Brumolykkja vore ein del av Brumoen. Nils og Eldri hadde 3 barn:

Hans 1852-1852
Kari f.1854
Anne 1857-1933, neste brukar

Anne Nilsson Moen vart 1885 gift med Peder Jakobsen Jotun f.1859 son til Jakob Pedersen Jotun f.1828. Brumoen gnr. 66 bnr. 14 vart frådelt frå Vågå prestgard gnr. 66 bnr. 1 i 1892 med skjøte tinglyst i 1893 til Peder Jakobsen Joten for kr 1500. Brumolykkja gnr. 66 bnr. 24 vart frådelt frå Brumoen i 1902. Etter at Peder Joten selde Brumoen i 1907 heldt han att Brumolykkja.

Johan Jotun overtok Brumolykkja i 1948 som testamentsarving etter Peder Joten. Peder var onkel til Johan. Johan Jotun 1891-1971 frå Fagernes var son til Syver Jakobsen Jotun 1866-1946 og Marit Olsdtr. Slettmo 1863-1895. Johan var gift med Anne Olsdotter Øygarden 1894-1969, dei hadde 7 barn:

Julie 1915-2003

Mari f.1917, g. Iversen, til Fredrikstad

Marit 1919-2003

Sigurd 1922-1998

Olaug f.1925, g.m. Kristen Holø

Kari f.1928, g.m. Erik Jotun 1933-2018

Olav 1932-2020, neste eigar

Olav Jotun var gift med Bjørg Nestande 1937-1919, dei hadde 4 barn:

Per

Johan

Eli

Aud

I nyare tid er det frådelt to bustadtomter frå Brumolykkja, **Moavegen 35 a** gnr. 66 bnr. 217 og **Moavegen 35 b** gnr. 66 bnr. 218.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekter i Vågå og Lom, slekten på Nigard Kvarberg med Lye

Olav Kvarberg

Pressmoen – Skinnarmoen

Arne Olsen Moen 1754-1800 var frå Finnbrustugu son til Ole Arnesen Findbrustuen og Åste Nilsson f.ca.1721 d.e.1801. Arne vart 1781 gift med Sigrí Østenddotter f.ca. 1753 d.1836. Dei hadde 6 barn:

Aaste, g.m. Anders Endresen Rugsveen

Ole f.1785

Johan f.1788

Østen f.1791, neste brukar

Anne 1794-1795

Anne 1796-1867, seinare brukar

Østen Arnesen hadde før ekteskapet med Eli Olsdr. Slettmo 1790-1844 1 barn:

Johan f.1817, til Fagernes

Østen vart 1821 gift med Anne Pedersdotter Harlaugsejet frå Heidal, heile familien flytta til Lom ca. 1831 og vart seinare busette på Hidemstrædet. Østen og Anne hadde 6 barn:

Arne f.1821

Per f.1824

Johan 1827-1899, misjonær

Brith f.1830

Iver f.1834

Anne f.1837

Ole Larsen Kleiveneie Rusten 1797-1877 frå Lalm vart 1820 gift med Anne Arnesdotter Prestgardseiet Pressmo 1796-1867. Dei var på Moen ved barnefødsler frå 1831. Ole var han som vart nemnd som «skinnar». Ole og Anne hadde 5 barn:

Ingeborg 1822-1902, g.1852 m. Anders Halvorsen 1821-1903, Felleselykkja

Arne 1825-1896, neste brukar

Rønnog 1828-1828

Sigrid 1831-1917, g.m. Per Olsson Brustugun 1828-1919

Ole 1834-1917, g.m. Anne Olsdr. Kokkehaugen 1836-1907, til Bråtå i Sjørdalen

Arne Olsen Moen fekk i 1869 feste frå sognepresten på plassen Moen og lykkje på Sunde for årleg avgift 5 spd. Presmoen gnr. 66 bnr. 14 vart frådelt frå Vågå prestgard i 1892, og i 1893 var det skjøte frå kyrkjedepartementet til Arne Olsen for kr 1200. Arne Moen 1825-1896 var i 1865 og 1875 husmann med jord. Han vart 1861 gift med Marit Larsdotter Lundeeie f.1835, dei hadde 4 barn:

Anne f.1860

Anne f.1862, g.m. Ola Syversen Stokstad m. f.1861

Rønnoug f.1864

Ole 1866-1943, neste brukar

I 1896 var det hjemmelsbrev frå Arne Olsen Moen til sonen Ole Arnesen Moen for kr 2040. Ole Arnesen 1866-1943 vart 1896 gift med Eli Erlandsdotter Berge n 1875-1931 dotter til Erland Nyhus og Livø Mundhjeld. Ole og Eli hadde 12 barn:

Marit f.1897

Arne f.1898

Erland 1900-1969, neste brukar

Livø 1900-1901

Thor f.1902

Olav 1904-1909

Rolv f.1906

Livø f.1908

Olaf f.1910

Anne f.1912
Magnhild f.1914
Einar f.1920

Erland Mohn 1900-1969 tok over etter faren i 1930.

Eigar frå 1985 er Eli Louise Strand f.1941 dotter til Magnhild Mohn f.1914 og Ivar A Storvik 1910-1994. Eli vart 1962 gift med Arne J Strand 1937-2020 son til Jakob O Strand f.1903 og Olga Tau f.1910. Eli og Arne har 2 barn:

Ivar Jakob f.1963
Tor Arne f.1967

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar

Norske gardsbruk 1953 - 1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Olaf Hansen, Årbok for Gudbrandsdalen 1940: Frå tiggartav til vyrd misjonsprest

Jon Kolden, 2000: Bygdabok for Lom Bind 1

Torgrim Hegdal: notat 2021

Kjøpanger

I 1753 selde løytnant Branthes etterleverske Ingebor Malene Friderichsdotter Ancher husa i Kjøpanger.

Vilhelm Friederich Rees kjøpte i 1753 husa i Kjøpanger for 120 rd. Han fekk også bygsel på Kjøpanger frå presten. Same året fekk Rees borgarskap i Christiania og han vart da nemnd som fastbuande landkremmar for Vågå og Lom.

I 1758 var det offentleg auksjon og handelsmann i Christiania Lars Kloumann kjøpte alle husa på Vågemoen av landkremmar Rees.

Amund Andersen nig. Viste f.ca.1701 kjøpte i 1763 dei husa som Kloumann hadde kjøpt i nokre år tidlegare. Amund var gift med Guri Gudbrandsdotter. Dei var i Kjøpanger. Amund og Guri hadde 1 barn:

Kari 1761-1839, neste brukar

Kari Amundsdotter vart 1781 gift med soldat Christen Christensen f.ca.1758 d.1836 som var son til Christen Rasmussen i Brustuen. Kari og Christen hadde 7 barn:

Amund 1781-1872, g.m. Kari Stenersdtr. f.ca.1789 d.1868, til Rugsveen

Christen 1784-1814, g.m. Mari Hansdtr. f.ca.1776 d.1850. Til Kveen

Guri f.1787, g.m. Johannes Jacobsen Sundhagen f.ca.1785

Johanes 1791-1871, g.m. Ragnhild Martinsdtr. Runningen f.ca.1790 d.1842

Anders f.1794, neste brukar
Imbjør f.1798, g.m. Johannes Iversen Vangen
Kari 1802-1802

Korporal Anders Christensen Moe f.1794 vart 1825 gift med Imbjør Johannesdotter Visdal f.1797 d.etter 1875, dotter til Johannes Jonsen Hagen Visdal og Kari Jørgensdtr. Bakken 1766-1848. Anders og Imbjør hadde 5 barn:

Kari f.1826, g.m. Hans Halvorsen, Lom 1821-1876. Kvilheim.

Anne f.1829

Christen f.1834, redaktør i Morgenposten

Johannes f.1837, neste brukar

Kari 1842-1846

I 1865 var sparebankkasserar Johannes Mo f.ca.1836 i Kjøpanger. Han vart 1859 gift med Rønnaug Paulsdotter Holbø f.ca.1836 dotter til Paul Paulsen Holbø. I 1875 var Johannes gardbrukar og eigar på nordgard Holbø, og der var dei ved fødsjar frå 1867. Heile familien reiste til Amerika. Johannes og Rønnaug hadde 7 barn:

Anne 1860-1863

Paul f.1862

Anne f.1865

Anders f.1867

Thor f.1869

Gunild f.1872

Christen f.1875



*Vågåmo ca. 1908, nordre Grindstugu og Vistemo fremst midt på bildet, Kjøpanger til høyre.
Foto: H.H. Lie*

Knut Syversen Grev 1832-1914 var son til Syver Knutsen Grev 1807-1882 og Mari Jonsdtr. Trælviken 1804-1880. Knut fekk festeseddel på Kjøpanger i 1868, og i 1875 var han husmann med jord og skomaker. Han vart 1859 gift med Anne Iversdotter Bjørviken 1833-1896, dei hadde 3 barn:

Mari 1857-1947, g.m. Sylfest Olsen Schau (Lund i Skjåk) 1852-1934

Syver 1860-1942, neste brukar

Anne 1871-1961, g.m. Jon Gabrielsen Strand 1875-1898, g.2.m. Ole Nilsen Ødegård 1873-1916 frå Lom. På søre Blessomøyen.

Kjøpanger gnr. 66 bnr. 16 vart frådelt frå Vågå prestgard gnr. 66 bnr. 1 i 1893. I 1894 var det skjøte frå kyrkjedepartementet til Syver Knudsen for kr 1800 og føderåd til hans foreldre Knut Syversen Grev og Anne Ivarsdotter verdsett til kr 1200. Landhandlar Syver Knutsen 1862-1942 vart 1883 gift med Marit Hansdotter Øien 1861-1898, ei tid budde dei på søre Blessomøyen der ho kom frå. Syver og Marit hadde 4 barn:

Anne 1883-1964, neste eigar

Rønnaug 1885-1965

Mari 1892-1930, g.m. Ola Torsen Svare 1893-1923

Knut 1896-1899

Syver Knutsen vart gift på nytt med Anna Olsdotter Moe 1868-1951, dei hadde 1 barn:

Knut 1902-1925

I 1932 vart kjøpmann Syver Knudsen teke under behandling som konkursbu, og det vart tinglyst erklæring om at eigedommen vart seld på tvangsauksjon. I 1933 fekk svigersonen I O Kleiven auksjonsskjøte for kr 12000. Iver Olsen Kleiven 1881-1973 var son til Ola Kleiven og Marit Kvitulen. Iver Olsen Kleiven var gift med Anne Knutsen Kjøpanger 1883-1964.

I 1951 var det skjøte frå I. O. Kleiven til sonen Magne Kleiven f.1921 for kr 10000 inkl. lausøyre kr 5000 samt føderåd.

Kjøpangerjordet gnr. 66 bnr.133 vart i 1974frådelt frå Kjøpanger med skjøte frå Magne Kleiven til Vågå kommune som selde tomter vidare i 1975, 1976 og 1977. Detter er i Flatmosvingen, Grindstugulego, Kjøpangervegen og Pyntholvegen gnr. 66 bnr. 137, 138, 139, 144, 145, 146, 147, 148, 149, 150, 151, 152, 153, 154, 156, 157, 163 og 164. Attverande del av bnr. 133 er nedre del av omsorgsbustadane nedanfor Vågåheimen.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekter i Vågå og Lom, slekten på Nigard Kvarberg med Lye

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Kjøpangerstugu – Perstugu – Moen

I 1865 var Kari Hansdotter 1818-1874 husmann utan jord på Moen under prestgarden. Truleg stod denne stugu like inn på Kjøpangerjordet ved gjeilen mot Torestugu. Mannen var tenar i prestgarden, det må vera Peder Pedersen Horten f.1819. Kari og Peder vart gift i 1844, dei hadde 2 barn:

Ole f.ca.1849

Anne f.ca.1853

Folketeljinga 1875 var Peder Pedersen husmann utan jord i Kjøpangerstugu. Han vart gift på nytt i 1875 med Ragnhild Hansdotter Gudbrandstuen 1836-1901. Ved folketeljinga i 1900 budde Ragnhild H Gudbrandstuen i Pederstuen, mannen var lægdslem på nordgard Viste. Peder og Ragnhild hadde 1 barn:

Kari Pedersdotter f.1875

Ragnhild Gudbrandstuen hadde med Thore Trondsen Bustad 1 barn:

Hanna Thoresdotter f.1869 fødd i Folldal

I 1910 budde ein familie i ei stugu på Kjøpangers grunn. Dette var truleg ved Torestugu, på Kjøpangersida av Torestugugjeilen og kan vera same huset som Peder Horten hadde budd i. Ole H Svastuen 1860-1928 frå Sel var gift med Kari Olsdotter Synneshaugen 1859-1933. Dei budde fyrst i Torstugu u/Snerle, så i Svastugu og i 1900 i Haugamoen. Ole og Kari hadde 2 barn:

Gunhild f.1893

Mari f.1896

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: folketeljingar

Gunnar Ottosen: notat om folketeljinga 1900

Stugu på Kjøpanger grunn

I folketeljinga 1910 budde Ingri Visteløkken 1855-1932 i stugu på Kjøpanger grunn. Stugu stod ein del aust for husa, men er i seinare tid flytta nærare tunet. Ingri var frå Tassmyrhaugen, dotter til Anders 1790-1863 og Mari Erlandsdtr. Skålen 1819-1896. Mari og døtrene flytta med seg stugu til Vistelykkja og i 1900 budde Ingri der. Seinare flytta ho med seg stugu til Kjøpanger. Ingrid hadde med Syver Olsen Næsset Skultbakken f.1856 1 barn:

Mari 1887-1909

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: folketeljingar

Ivar V Flatum, Årbok 1981: Anders Tassmyrhaugen

Vaage skole

Vaage skole gnr. 66 bnr. 18 vart frådelt frå Vågå prestgard i 1895 med skjøte til Vågå kommune for kr 441.

I 1983 vart gnr. 66 bnr. 18 samanføynd med Smedsrud gnr.66 bnr. 12.

Moavegen 20. I 1987 vart det oppretta festekontrakt for gnr. 66 bnr. 12 festenr. 1 med Gudbrandsdal sparebank, nå er dette gnr. 66 bnr. 340.

Vågåvegen 51. I 1983 vart det oppretta festekontakt for gnr. 66 bnr. 12 festenr. 3 med Olav Bergnord.

Kjelder:



Gammelskulen. Foto frå Kjell Andersen.

Banken

Banken gnr. 66 bnr. 21 vart frådelt frå Vågå prestgard i 1898 med skjøte frå kyrkjedepartementet i 1899 for kr 400. Banken gnr. 66 bnr. 35 vart frådelt i 1913, Vågå sparebank fekk skjøte frå kyrkjedepartementet i 1915 for kr 786,60.

I 1910 var sparebankkasserar Paal E Frisvold f.1846 frå Lom registrert som busett her saman med ektefelle Anne f.1850. Dottera budde også der:

Rønnaug f.1885

I 1972 var det makeskifta eit areal med Vågå handelsforening.

I 1984 var det skjøte til Vågå kommune.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.



Vågåmo ca. 1908, banken fremst i bildet. Foto: H. H. Lie

Kvilheim

Kvilheim gnr. 66 bnr. 22 vart frådelt frå Brumoen og seld i 1900. Kvilheimvolden bnr. 25 vart frådelt i 1902, eigar var oppgjeve å vera Kari Halvorsen. Kari Andersdotter Kjøpanger 1826-1922 var gift med Hans Halvorsen Sveen, Lom 1821-1876. Familien budd fyrst på Kjøpanger, i 1865 var Hans vaktmester på Sel distriktsfengesel og familien budde der. I 1875 var han vaktmester ved fengselet på Gjøvik der han og var forstandar for tvangsarbeidsanstalten, og familien budde da der. Etter at Kari vart enkje dreiv ho bl.a. handel i Vågåmo. I 1900 budde ho på Slettmo. Kari og Hans hadde 7 barn:

Halfdan 1849-1899, gm. Henrikke Dorf

Ingeborg Karoline 1853-1926

Anna Louise f.ca.1855 d.1939

Anne Andrea f.ca.1857

Anders Olaus f.ca.1859 d.1902

Halvard Kristian f.ca.1863 d.ca.1886, g.m. Karin Dorf

Tora Ingeborg 1866-1951, g.m. Bernt Dorff 1859-1917

I 1908 var det skjøte frå Kari Halvorsen til døtrene Caroline og Anna Halvorsen. Ved skifte etter Caroline i 1927 overtok systera Ingeborg Dorff hennar halvdel.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Kristen Holbø, Årbok for Gudbrandsdalen 1946: Menneskje eg minnest

Runningslykkja

Runningslykkja vart nemnd i ei kartskisse frå 1860.

Runningslykkja gnr. 66 bnr. 30 vart skyldsett i 1906, og i 1907 var det skjøte frå kyrkjedepartementet til Bernt Thorsen for kr 350.

I 1915 var det skjøte frå Bernt Thorsen Runningen til sonen Hans for kr 350.

I 1921 var det skjøte frå Hans B Runningen til systera Anne B Runningen for kr 1000.

I 1950 var det skjøte på det som var att av Runningslykkja etter at fleire tomter var frådelt, gnr. 66 bnr. 30 vart seld frå Anne Runningen til Barbro Jakobsen f.1893 for kr 900. Barbro var frå Gudbrandstugu, dotter til Jakob Hansen Gudbrandstuen 1850-1936 og Kari Johannesdtr. Kalbakk 1865-1930. Systera Helga Gudbrandstuen 1913-1996 og sonen hennar Kjell Solheim budde også i huset til Barbro, og det gjekk fram av hjemmelsovergang og testamente i 1984 at Helga hadde burett og full råderett over huset så lenge ho levde.

I 1984 var det hjemmelsovergang til Geir Nybø og Per Hobbesland.

I 1986 vart Runningslykkja gnr. 66 bnr. 30 Moavegen 45 seld til eit selskap for byggjing av fleire leiligheiter, og i 1992 vart eigdommen overført til Sameiet Runningslykkja.

Strondstugu – Bjørkmo gnr. 66 bnr. 61, nå Moavegen 47, vart frådelt i 1937 og seld frå Anne Runningen til Hans H Randen for kr 500. I 1965 var det heimelsovergang til testamentarving Torø H Randen. Torø f.1883 og Hans f.1891 var sysken, faren var Hans J Randen nedre og Mari I Strondstugu. Stugu flytta dei med seg frå Strondstugu synst og øvst på jordet på Ripstrond, og Torø og Hans vart ofte nemnd som Strondstugu. Torø Randens dødsbu selde i 1968 eigdommen til Gudbrand Strand f.1906, og i 1975 overtok hans grandniese Randi Strangstadstuen f. 1951 og Knut Strangstadstuen f.1953.

Nermo gnr. 66 bnr. 59, Moavegen 51 vart frådelt i 1936 med skjøte frå Anne B Runningen til Ola T Myrum for kr 600. Enkja Anne overtok i uskifta bu i 1948. Kåre Sandviken f.1919 overtok med skjøte i 1968, Bjørn Sandviken overtok i 1979 og Reidun Laengen i 1985.

Nyseth gnr. 66 bnr. 62, nå Vågavegen 65, vart frådelt i 1938 og seld frå Anne B Runningen til Anders H Øvre for kr 809.

Slette gnr. 66 bnr. 69, nå Vågavegen 67, vart frådelt i 1941 og seld frå Anne B Runningen til Ø Martinsen for kr 1500. I 1947 var det skjøte til Sverre Sveen. Hildur og Joar Ødegaard overtok i 1982 og bygde hus.

Hjørnet gnr. 66 bnr. 65, nå Vågavegen 69, vart frådelt i 1939 og seld frå Anne B Runningen til Hans Enstad for kr 1500, gnr. 66 bnr. 68 vart frådelt og seld i 1941 for kr 924. Hans Enstad var gift med Sigrid Øvstedal som overtok heimelen. Hildur og Joar Ødegaard overtok med skjøte i 1982. Denne eiedommen er Enstadverkstaden.

Nymo gnr. 66 bnr. 58, nå nedre Nordheradsvegen 5 vart frådelt i 1936 og seld frå Anne B Runningen til Invald Damstuen for kr 400. Ann Inger Damstuen overtok i 1984. Gnr. 66 bnr. 186, Nedre Nordheradsvegen 7 vart i 1991 frådelt frå gnr. 66 bnr. 86 som Hans I Damstuen hadde heimel på, med skjøte til Ann Inger Damstuen.

Bruvoll gnr. 66 bnr. 60, nå nedre Nordheradsvegen 9, vart frådelt i 1937 og seld frå Anne runningen til Ivar Grevrusten for kr 500.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Folkvang

Folkvang gnr. 66 bnr. 31 vart frådelt frå Vågå prestgard i 1907, og same året var det skjøte frå kyrkjedepartementet til Vågå arbeiderforening.

Vågå ungdomslag fekk i 1938 skjøte på halvdelen av eiedommen gnr. 66 bnr. 31 for kr 3000.

I 1939 vart Folkvang gnr. 66 bnr. 64 fradel frå Runningslykkja gnr. 66 bnr. 30 og seld frå Anne B Runningen til Vågå arbeiderlag for kr 738. I 1984 vart det tinglyst erklæring om at Vågå ungdomslag var eigar av dette samt halvdelen av gnr. 66 bnr. 31.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Gudbrandstugu

Gudbrandstugu har truleg namn etter ein som heitte Gudbrand. I følgje Kristian Gudbrandstuen skal dette vera ein som drukna, og som Gudbrandsvåka sør for Klones har namn etter. Den einaste ein finn i arkiva som kan passe er ein som vart nemnd Moen ved skifte i 1800. Gulbrand Larsen Moen 1747-1800 var son til Lars Siverson Bolstad Sørlien Kjølstad f.ca.1719 d.1751 og Randi Gulbrandsdr. Snerle m. f.1720. Gulbrand var gift med Kari Jacobsdotter, det ser ut til at dei ikkje hadde barn for arving etter Gulbrand var systera Aase Larsdr. som var gift med Ole Hansen Aasengstuen Sæta.

I 1865 og 1875 var Hans Toresen husmann med jord, skreddar og skinnfellmakar i Gudbrandstugu. Hans Thoresen Præstegaardseie 1810-1887 var son til Thore Svendsen Kveen. Hans vart 1837 gift med Guri Jakobsdotter Haugen, Sel 1808-1894, dotter til Jacob Arnesen Grindstuen. Hans og Guri vart nemnde på Vaagemoen Moen / Præstegaardseie ved fødselar frå 1840. Hans og Guri hadde 10 barn:

Hans 1833-1915, g.1864.m. Kari Hansdr. Aasengeie f.ca.1835. I Randen, i 1910 var han enkjemann og jordbruksarbeidar og budde i Torestugu

Ragnhild f.1836

Sigrid f.1840, til Rennebu, hadde sonen Hans Nilsen f.1873

Anne 1842-1934, g.m. Johan Hansen Flatmo 1837-1914

Jacob 1844-1847

Imbjør f.1845

Kari f.1848, til Amerika 1882

Jacob 1850-1936, neste brukar

Anne f.1852, til Helgeland 1873

Thore f.1858, til Trondheim 1880

Jakob Hansen 1850-1936 var i 1900 husmann med jord og blikkenslagararbeidar.

Gudbrandstugu gnr. 66 bnr. 32 vart frådelt frå Vågå prestgard i 1908. I 1917 var det skjøte frå kyrkjedepartementet til Jakob Hansen Gudbrandstuen for kr 550. Jakob vart 1881 gift med Kari Olsdotter Ødegården / Valdeie 1849-1889 dotter til Ole Johnsen Waldeie. Jakob og Kari hadde 5 barn:

Ivar 1877-1964, g.m. Mari Sveum 1877-1959

Barbro f.1882

Guri 1882-1882

Hans 1885-1885

Hans f.1888

Jakob vart 1894 gift på nytt med Kari Johannesdotter Kalbakk 1865-1930 dotter til Johannes Olsen. Kari hadde med Hans Knutsen Sveen f.1865 sonen Knut Hansen f.1887. Jakob og Kari hadde 8 barn:

Barbro f.1893, Runningslykkja

Rønnaug f.1895

Kari f.1896
Ragnhild f.1899
Olaug f.1901
Kristian 1905-1989, neste brukar
Hans f.1908
Helga 1913-1996

I 1928 var det overdraging frå Jakob og Kari Gudbrandstuen til sonen Kristian for kr 2000 inkl. lausøyre. Kristian vart 1946 gift med Anna Bråten, Lom 1915-1990, dei hadde 3 barn:

Kristian f.1945, neste brukar
Jan 1947-1999
Gunleik 1950-1980

Kristian f.1945 overtok etter faren i 1970. Han vart 1967 gift med Liv Bekkemellem, Heidal f.1948 dotter til Thorvald Bekkemellem f.1905 og Oline Lilleespe f.1909. Kristian og Liv har 3 barn:

Kjell Tore f.1968, sbm Bodil Merethe Smedsmo
Odd Arne f.1969
Ole Jonny f.1970

Jo Kristian f.1996 son til Kjell Tore Gudbrandstuen og Bodil Merethe Smedsmo overtok drifta frå 2017.

Janflate gnr. 66 bnr. 126, Våkvegen 2, vart frådelt frå Gudbrandstugu i 1970 med skjøte frå Kristian Gudbrandstuen til sonen Jan f.1947. Anne Marie Gudbrandstuen f.1951 fekk skjøte i 1987.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar
Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.
Norske gardsbruk 1953-1997

Eksercerpladsen

Hans Hansen 1817-1880 var i 1865 og 1875 husmann med jord og skreddar. Hans Hansen Øien var son til Hans Hansen Stade. Hans vart 1842 gift med Anne Olsdotter Bredevangen 1818-1903 frå Sel, dotter til Ole Bredevangen. I 1844 til 1849 var familien på sygard Sunde, frå 1852 på Moen / Exerpladsen, medan dei i 1852 og 1855 vart nemnd som Prestgardseie som kan vera bae plassane. I 1900 var Anne husmannsenkje utan jord. Hans og Anne hadde 7 barn:

Hanna f.1844
Johan f.1846
Anne f.1849

Ole f.1852
Tora f.1855
Paul 1858-1859
Pauline 1860-1862

Eksercerpladsen gnr. 66 bnr. 33 vart frådelt frå Vågå prestgard i 1908. Del av dette, Eksismoen vart frådelt frå Eksercerplassen i 1914. Peder Sønsteng fekk skjøte på den attverande del av Eksercerplassen i 1914 frå kyrkjedepartementet for kr 600, men var nok eigar før for i 1912 skreiv han ut ein panteobligasjon. I 1910 var Peder Sønsteng registrert på Finnstad og Eksercerpladsen, så da vart dette drivi saman.

I 1915 var det skjøte frå Peder S Sønsteng til Paul Kolstad for kr 2000. Kolstad hadde kjøpt Nymoen gnr. 67 bnr. 10 i 1908, og formelt vart Eksercerplassen og Nymoen samanføyd i 1943.

I 1922 var det skjøte frå Paul Kolstad til Hans Storvik for kr 5000.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Gunnar Ottosen: notat om folketelling 1900

Eksercismoen – Prestrunningen

Eksercerpladsen gnr. 66 bnr. 33 vart frådelt frå Vågå prestgard i 1908. Del av dette, Eksercismoen gnr. 66 bnr. 38 vart frådelt frå Eksercispladsen i 1914, og same året var det skjøte frå kyrkjedepartementet til Imbert Kleiven for kr 800. Prestrunningen gnr. 66 bnr. 55 vart frådelt frå prestgarden i 1932 med skjøte i namnet til Rolv Kleiven for kr 1919, dette var eit areal i tillegg aust for jordet på Sunde. Imbert Kleiven 1879-1955 var son til Hans Kleiven og Marit Kårstad. I 1910 vart Imbert saman med broren Iver f.1889 registrert som busett i smie på prestgardens grunn, dette kan vera her. Imbert vart 1911 gift med Rønnaug Frisvoll, dei hadde 8 barn:

Marit
Gunhild
Rolv, neste eigar
Hanna
Ragnhild
Ingrid
Harald
Erling

Rolv Kleiven fekk i 1956 skjøte frå syskjena på Eksercismoen for kr 10000.

I 1978 var det skjøte til Vågå kommune.

Imbert Kleiven fekk i 1943 feste på tomt, festnr. 31. Dette ser ut til å vera smia som låg vest for tunet. I 1980 fekk dette gnr. 66 bnr. 170 og vart overskjøta til Vågå kommune.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Norske gardsbruk 1953 - 1997

Exercerplads

Det var to Exercerplassar. I ei kartskisse frå ca. 1895 er Plassen nemnd nedst på jordet til Smedmoen, ovanfor gjeilen ved Eksismoen; husa på denne Excerplassen kan ha vore her. I 1865 var Nils Gudbrandsen f.ca.1794 husmann med jord, truleg var dette austre delen av jordet på Excerplassen og at dette seinare vart drivi saman med den andre Exercerplassen. Nils Gulbrandsen Sandbueie f.ca.1794 d.1873 vart 1818 gift med Guri Olsdotter Ringneset 1897-1865. Nils og Guri budde på fleire plassar, men i 1839 vart dei nemnde på Moen som truleg var her. Nils og Guri hadde 7 barn:

Thord f.1819

Tora f.1820, g.m. John Thoresen Blessomløyken 1803-1900

Mari 1823-1910, neste brukar

Ole 1826-1911, g.m. Guri Jacobsdtr. Bergeie 1819-1899, til Skreppholet/Sagrusten

Kari f.1832

Gulbrand 1835-1838

Gulbrand 1839-1846

Mari Nilsdotter 1823-1910 var i 1875 husmann utan jord, utan å vera gift hadde ho 3 barn:

Guri Knutsdotter f.ca.1850

Knut Pedersen f.1857

Mari Johnsdotter f.1859

Mari Nilsdotter 1823-1910 vart seinare gift med enkjemann Thore Jonsen Blessomløyken 1825-1922, og i 1900 var han husmann utan jord. Thore var son til John Thoresen som i andre ekteskapet var gift med syster til Mari, Tora. Dottersonen til Mari, Hans K Ekserserpladsen f.1890 budde saman med dei, han var son til Mari Johnsdtr. Plassen f.1859 og Knut Olsen Dalen f.1869. I 1910 budde Tore J Blessomløyken einsleg på Exispladsen, han var fyrste gongen gift med Rønnaug Hansdtr. Øyen 1824-1878 og dei hadde 2 barn John f.1850 og Hans f.1856, både i 1865 og 1875 budde familien på Blessom. I 1920 budde Tore på Arnøygarden.

Det går fram ved tinglysing for gnr. 66 bnr. 33 at Mari Nilsdotter hadde hatt bruksrett, men baa plassane har nok vorte sett under eitt.

Ola Olsen Løkken (Skogbygdsløkken, frå Lom) 1873-1955 bygde hus til seg på det som kan vera tomte til ein av Excerplassane. Ola var gift med Anne d.y. Felleselekkja f.1864 dotter til Anders Halvorsen Felleselekkjen 1821-1903 og Ymbjør d.y. Olsdr. Holen 1822-1902. I 1910 og 1920 budde dei i Løkken i Skogbygda. Ola og Anne hadde 1 barn:

Marit f.1902

Seinare budde Knut 1895-1984 og Ingrid 1917-2005 Vassdokken her.

Erling og Bjørg Steinli var dei siste som budde her.

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: folketejingar

Moen

I 1865 og 1875 var Hans Andersen f.1811 husmann utan jord. Han var gift med Agnethe Eriksdotter f.1817 frå Helgøya, Nes på Hedmarken. Etter ei kartskisse frå 1860 må dette ha vore ei stugu mellom Eksercerplassen og G-Moen. Ei raud stugu ved innkjøringa til G-Moen hjå Nyløkken stod til kanskje ut på 1970-talet, dette er truleg nå gnr. 197 bnr. 1 som i 1986 vart registrert med antatt eigar Asbjørn Moen. Hans og Agnethe hadde 4 barn:

Anders f.ca.1848

Hans f.ca.1856

Erik f.1861

Jacob 1864-1918, neste familie

Jakob Hansen Moen vart 1892 gift med Anne Iversdotter Rusten 1859-1904 dotter til Iver Pedersen. I 1900 budde familien på Moen. Folketeljinga 1910 registrerte familien på Exispladsen, men det kan vera same plassen. Jakob og Anne hadde 4 barn:

Jon f.1893

Anna f.1894, neste familie

Iver 1896-1916

Hanna f.1899

Anna Moen f.1894 hadde 3 barn:

Asbjørn f.1915, faren var Rudolf Vold, Gjøvik

Hjalmar f.1920, faren var Hans Berntsen Runningen f.1886

Ingrid

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: folketejingar

Moen – Haugamoen

Guttorm Erlandsen f.ca.1731 d.1795 vart 1758 gift med Imbjør Hansdotter Strand f.ca.1738 d.1818 dotter til Hans Strand f.ca.1703. Guttorm og Imbjør hadde 3 barn:

Imbert f.1758

Hans 1759-1846, neste brukar

Ole f.1762

Hans Guttormsen 1759-1846 vart 1784 gift med Tore Jonsdotter s. Valde 1759-1841. Hans vart i 1776 og 1789 nemnd som Stranden, frå 1787 til 1798 var han eigar av nigard Visdal og i 1789 kjøpte han nordgard Lunde. Hans og Tore hadde 9 barn:

Johannes f.1784, g.m. Mari Tostensdtr., på Lunde

Guttorm 1785-1864, g.m. Aagaat Tostensdtr. f.ca.1786 d.1871, Haugen i Skogbygda

Ole 1788-1832, lærar i Trondheim

Ragnhild 1790-1829, g.m. Jon Rise, Oppdal

Jon f.1792 g.m. Imbjør Knutsdtr., Nyhus

Iver f.1794, Hesthagen i Romsdal

Hans f.1798

Engebret f.1800

Elie 1803-1804

Skulelærar Hans Haugen frå Skogbygdshaugen vart tilsett som postopnar i 1851 og hadde postopneriet heime på Moen. Hans Guttormsen Haugen f.ca.1814 d.1860 frå Haugen i Skogbygda var son til Guttorm Hansen Lunde 1785-1864 og Aagaat Tostensdtr. 1786-1871, Hans Guttormsen Moen Lunde 1759-1846 var dermed bestefar hans. Hans Haugen vart 1840 gift med syskenbarnet Elen Johnsdotter Rise frå Oppdal f.ca.1821 dotter til Ragnhild Hansdtr. Lunde 1790-1829 og Jon Rise. Ved barnefødsler frå 1846 var dei på Moen. Hans Haugen døydde i 1860, og enkja og barna flytta fyrst til Lom og seinare til Trondheim. Hans og Elen hadde 8 barn:

Agatha f.1842

Guttorm 1846-1846

Mari f.1847

Guttorm f.1849

Ragnild f.1851

Hans 1854-1855

Hans f.1857

John f.1858

I 1875 budde bankkasserar og heradskasserar Hans Resvold f.1824 på Moen. Han fekk festeseddel på plassen Moen i 1871. Hans var gift med Julie Marthine, Drammen f.1831, dei hadde 2 barn:

Thekla f.1871

Hanna f.1873

Haugamoen vart drivi saman med søre Haugen i Skårvangen. Ved folketeljinga i 1900 var gardbrukar Jakob Sandbugarden der, men til vanleg var han på Haugen. Byggmester Øverstedal med familie var busett i eine stugu og familien Grindstuen frå Holongsøyen i den andre.

Haugamoen gnr. 66 bnr. 37 vart frådelt frå Vågå prestgard i 1914. Anton K Haugen fekk skjøte frå kyrkjedepartementet i 1915 for kr 12500. Anton Haugen f.1886 var son til Knut Olsen Jeilen og Guri Skinnet, men voks opp hjå Jakob Sandbugarden. I 1910 budde Anton i Haugamoen. I 1909 overtok han Garden i Skårvangen frå Jakob Sandbugarden. Anton vart 1911 gift med Anna Visdal f.1888, dei hadde 7 barn:

Johan f.1912, g.m. Ragnhild Sundhagen f.1915

Oskar, neste brukar

Gudrun f.1916, g.m. Kristian Beritdokken, Kvarvet på Fron

Astrid f.1919, g.m. Arve lille Karlstadrud, Gausdal

Signe f.1921, g.m. Syver Horten

Kristian f.1924, g.m. Aslaug Jonsgard, Skjåk f.1923

Agnes f.1928, g.m. Per E Haugen f.1916

Oskar Garden 1914-1996 overtok etter faren i 1952. Oskar vart 1941 gift med Anne Jonsgard f.1916, dei hadde 4 barn:

Aud f.1941

Else f.1943

Åsta f.1945

Are Normann f.1949, neste brukar

Are Normann Garden f.1949 overtok etter faren i 1991. Han vart 1972 gift med Wenche Vaberg f.1955 dotter til Øistein Vaberg f.1917 og Astrid Kveen f.1917. Are Normann og Wenche har 6 barn:

Astrid f.1972

Oscar f.1976

Annette f.1979

Øystein f.1982, neste eigar

Nina f.1987

Anja f.1993

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar

Norske gardsbruk 1953 - 1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Gunnar Gjesling Sandbo, Jutulen 2016: Posthistorie for Vågå

Eirik Haugen

Vistemo – Jordmorstugu

Jens Johansen Lundeløkken 1773-1851 vart 1813 gift med Rønnaug Jonsdotter Storvik n. 1788-1864 dotter til Jon Hansen Storvik 1744-1816 og Ingrid Eriksdtr. Andvord 1753-1842. I 1815 var Jens og Rønnaug på Viste, i 1818 og 1823 på Øyseie (Øvre) medan Præstegaardseie, Præstegarden og Moen vart nemnde ved konfirmasjonar frå 1830 til 1835. Rønnaug vart i 1820 og 1862 nemnd som jordmor, og i åra 1830-1834 vart Rønnaug jordmor under prestgarden nemnd i liste over husmannspengar til kyrkja. Ved skifte i 1851 vart Jens nemnd på Øy og ved skifte i 1864 vart Rønnaug nemnd på Stokstad. Jens og Rønnaug hadde 5 barn:

John f.1815, smed i Trondhjem 1864

Johannes f.1815, dampskipsmaskinist Trondhjem 1864

Ingri f.1818

Rønnaug Anna Henrike f.1820

Kari f.1823

I 1865 var Anders Iversen f.ca.1825 d.før 1875 skomaker og husmann med jord i Jordmorstugu. Anders Iversen Blessemeie f.ca.1826 vart 1852 gift med Kari Eriksdotter Lyeneie f.1827 dotter til Erik Hansen Moen (G-Moen). Ved fødselar fram til 1863 var dei på Sæta, i 1865 på Moen (Jordmorstugu). I 1875 var Kari enkje og husmann med jord. Anders og Kari hadde 4 barn:

Iver f.ca.1852

Ole f.ca.1855

Anne f.1860

Hans f.1866

Sersjant Nils Simensen fekk i 1877 feste på Jordmorplassen på levetid for seg og hustru mot årleg avgift og føderåd til enkja Imbjør Johannesdotter.

Seinare kom Ole d.y. Iversen Viste 1844-1917 til Jordmorstugu. Han var gift med Anne Olsdotter Kokkehaugen 1840-1886 dotter til Ola Johnsen Brattland 1813-1872 og Marit Jonsdtr. Kokkehaugen 1802-1870. Ola og Anne hadde 6 barn:

Mari 1874-1952, g.m. Amund Waalen, Gausdal, til USA

Iver 1875-1957, neste brukar

Ole 1877-1923

Kari 1879-1956

Thor 1882-1974, g.m. Charlotte Franzdtr. Bø 1883-1971

Ragnhild 1885-1908, g.m. urmaker Kristian Johansen 1873-1966

Vistemo gnr. 66 bnr. 39 vart frådelt frå Vågå prestgard i 1915, og same året vart det skjøte frå kyrkjedepartementet til Ivar O Viste for kr 1000. Iver Olsen Viste 1875-1901 var son til Ole d.y. Iversen Viste 1844-1917 og Anne Olsdtr. Kokkehaugen 1841-1886. Iver vart 1901 gift med Mari Jakobsdotter Husehaugen 1877-1917 dotter til Jakob Olsen Husehaugen 1827-1910 og Ragnhild Ivarsdtr. 1830-1918. Iver og Ragnhild hadde 1 barn:

Anne f.1905

Anne Flatum overtok med hjemmelsovergang etter faren i 1958. Anne Viste var gift med Paul Paulsen Flatum 1902-1985, son til Paul Kristensen Volden Flatum f.1872 og Anne Johannesdtr. Sveen f.1865. Anne og Paul Flatum hadde 1 barn:

Ivar f.1937

Ivar Viste Flatum overtok med skjøte i 1971. Han var gift med Minda d.1989.

I 1976 vart Snekkerstuen II gnr. 66 bnr. 158 frådelt. Truleg er dette samanføyd med gnr. 67 bnr. 5 der det er bygd omsorgsbustader.

Stenseth. I 1923 var det festekontrakt frå Ivar O Viste til broren Thor O Viste. Thor 1882-1974 var gift med Charlotte Franzdotter Bø 1883-1971. Dette er Pyntholvegen 32. Thor og Charlotte hadde 2 barn:

Ole 1912-1976, g.m. Mari Josdtr. Brun 1921-1981

Harald 1922-1996, budde her

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekter i Vågå og Lom, slekten på Fellese med søre Viste

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Geni.com

Snikkerstugu

Treskjæraren Jakob Sæterdalen 1756-1821 var son til Rasmus Hansen Bruøygarden 1721-1757 og Brit Larsdtr. 1728-1798. Jakob vart 1796 gift med Imbjør Jonsdotter f.ca.1775 d.1825, dei budde i 1801 i Klonesbakken og kom seinare til ein plass under prestgarden og frå 1821 vart dette nemnd som Snikkerstugu. Jakob og Imbjør hadde 1 barn:

Rasmus 1798-1854, neste brukar

Rasmus Jakobsen 1798-1854 vart 1822 gift med Ingri Svendsdotter Haagenstadeie Nesset 1796-1870 dotter til Sven Knutsen f.ca.1769 d.1851 og Anne Hansdtr. f.ca.1769 d.1849.

Rasmus og Ingri hadde 7 barn:

Ingeborg 1822-1917, neste brukar

Anne 1824-1824

Anne f.1825, g.m. Tore Jonsson 1827-1911, i Torestugu

Brit f.1828, budde i ei lita stugu ved Snikkerstugu

Ingri 1832-1849

Marit f.1835, g.m. Ole Evensen, Nord-Torpa

Hermana f.1841, hadde sonen Peter Kristiansen f.ca.1864, til Tingvold 1869

Ingeborg 1822-1917 vart 1856 gift med John Nilsen Neerstuen 1830-1919 frå Meldal / Rennebu. John og Ingeborg budde i Snikkerstugu i 1900, men i 1910 hadde dei flytta til sætra Dalen i Synslien. John og Ingeborg hadde 1 barn:

Nils 1864-1866

I 1910 budde Inga Hanestad f.1861 i Snikkerstugu der ho dreiv kafe og gardsbruk, ho var fødd på Lillehammer. Saman med henne budde broren tidlegare lensmann Edvard Listad f.1843, i 1900 budde dei på Øy. Snikkerstugu gnr. 66 bnr. 49 vart frådelt frå prestgarden i 1925 med skjøte til Inga Hanestad i 1926 for kr 2370.

I 1942 var det skjøte frå Inga Hanestad til Gamleheimen i Vågå for kr 14000 samt føderåd til seljaren. Snikkerstugu var det som nå er Vågåheimen.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar

Knut Raastad, Jutulen 2017: Jakob Sæterdalen og slekta hans

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Brit Snikkerstugu

Brit Snikkerstugu 1828-1916 budde i ei lita stugu ovanfor Snikkerstugu på grunnen til Vågå handelsforening, truleg budde ho der ved folketeljinga i 1875 da ho vart registrert som husmann utan jord. Brit var dotter til Rasmus Jacobsen 1798-1854 og Ingri Svendsdotter Haagenstadeie 1796-1870. Brit hadde 3 barn:

Ole f.1852, faren var Johannes Olsen Kalbak

Rasmus f.1860, faren var Johan Svendsen

Ole f.1868, faren var Ole Gudbrandsen Ripstranden

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar

Knut Raastad, Jutulen 2017: Jakob Sæterdalen og slekta hans

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Grindstugu nördre

Nils Olsen Grindstugun 1722-1773 vart 1746 gift med Marit Svendsdotter Ulsbu 1725-1757 dotter til Svend Jonsen Ulsbu. Nils og Marit hadde 6 barn:

Marit f.1747

Marit f.1748

Brit f.1751 g.m. Knud Paulsen Varphougen

Ola 1754-1754

Ingeleiv 1755-1755

Ola 1756-1757

Nils Olsen Grindstuen vart 1758 gift på nytt med Torø Larsdotter f.ca.1734 d.1779, dei hadde 4 barn:

Marit 1759-1760

Marit 1760-1805 neste brukar

Anne 1762-1763

Anne 1765-1768

Marit Nilsdotter 1760-1805 vart 1780 gift med Johan Olsen Finnbrustugun 1752-1804. I 1801 var dei husmannsfolk med jord under prestgarden. Johan og Marit hadde 7 barn:

Nils 1782-1806

Aaste f.1782, g.m. Ole Gudbrandsen Qveen. Ho hadde med prestesonen Peder Reinhardt f.1780 sonen Johan f.1805 som kom til Skjellum.

Thorø 1789-1803

Ole f.1791

Anne 1794-1867, g.m. Hans Jonsson Flatmoen 1797-1871

Anders 1797-1850, neste brukar

Brit 1800-1801

Anders Johansen Waage præstegaardsejet 1797-1850 vart 1820 gift med Anne Svendsdotter Ulsbu 1796-1847 dotter til Svend Pedersen Ulsbu 1761-1829 og Imbjør Nilsdr. Visdal 1771-1847. Anders og Anne hadde 7 barn:

Marit 1821-1824

Ingeborg f.1824

Marit f.1826

Johan 1829-1875, neste brukar

Svend f.1831

Thorø f.1834

Ole f.1838

Anders vart 1850 gift på nytt med Rønnog Olsdotter Rottemseie f.ca.1821. Familien flytta til Hølen i 1857. Anders og Rønnaug hadde 1 barn:

Anne f.1850

Johan 1829-1875 vart 1857 gift med Imbjør Johnsdtr. Harildstadeie 1828-1898, i 1857 kom dei til Hølen. Johan og Imbjør hadde 2 barn:

Anne f.1858

Jon f.1861

Ole Olsen Hetlesæter f.1827 frå Stord kom til Vågå i 1856 og var klokkar og lærar her til 1863. I 1857 fekk han bytt slik at husmannen i nørre Grindstugu kom til Hølen og Grindstugu vart klokkargard. Ole Hetlesæter var gift med Dorthe Cathrine Eliasdotter f.1821 frå Stord, dei hadde 7 barn:

Ole Helenius f.1849

Christian Henrik f.1851

Dorthias Reinert f.1852
Marie Elisabeth f.1855
Helena Oline f.1859
Olaf f.1863
Beate Sofie f.1865

Erik Thorsen Linner 1832-1900 frå Sand i Nord-Odalen var kyrkjesangar og lærar i Vågå frå 1863 til 1900. Han var gift med Andrea Knutsdotter 1831-1924 også frå Nord-Odal. Dei budde i Grindstuen som var klokkarbustad under prestgarden. Etter kvart bygde dei i Linnerud eller Linnerstugu, og i 1900 budde enkja der.

Anders Michelsen Skrede 1866-1942 var klokkar og lærar i Vågå frå 1900 til 1934. Han var son til Michel Skrede og Anna Olsdotter. Anders Skrede var gift med Agnete Pedersdotter Hammer 1866-1935. Anders og Agnete hadde 7 barn:

Aslaug f.1892
Magne f.1894
Peder f.1895
Anders f.1897
Bodvar f.1900
Erling f.1902
Ragnvald f.1904

Ole Martinus Antonsen Høgåsen 1900-1964 var klokkar og lærar i Vågå frå 1939 til 1964. Ole Martinus frå Grue i Solør var son til Anton Martinusen Høgåsen f.1876 og Lina Olsdotter Jensrud f.1879. Ole Martinus vart 1923 gift med Helga Oppheim f.1897 frå Torpo dotter til Sjugurd Opheim f.1852 og Mari Sando f.1855. Ola Martinus og Helga kjøpte husa i nordre Grindstugu i 1961 og grunnen gnr. 66 bnr. 203 i 1993. Dei hadde 4 barn:

Sigmund f.1925
Liv 1928-1996, g.m. Gudmund Sandvik
Ola Kolbjørn f.1934, g.m. Aud Leine f.1935
Hallstein f.1937, g.m. Jaqueline Feldmann, g.2.m. Hilde Mæhlum

Fleire bustadtomter er frådelt frå prestgarden av areal som låg til nordre Grindstugu:

Rugsvee 6, gnr. 66 bnr. 200. Tor Bakke f.1922 fekk festekontrakt med presten i 1958. Dette vart frådelt frå prestgarden i 1991 med skjøte til Tor Bakke i 1992.

Rugsvee 4, gnr. 66 bnr. 1 festenr. 129. Bjørn Damstuen fekk festekontrakt med prestgardstilsynet i 1965

Grindstugulego 11 og 13, 66 bnr. 1 f.nr. 96. Vågå kommune fekk festekontrkt med prestgardstilsynet i 1961. Dette er den nørdeste lærarbustaden.

Grindstugulego 19, 21, 23, 25, gnr. 66 bnr. 1 f.nr. 110. Vågå kommune fekk festekontrakt med prestgardstilsynet i 1963. Dette er austre og vestre lærarbustadane.

Grindstugulego 15, gnr. 66 bnr. 1 f.nr. 104. Knut O Nettet d.1979 fekk festekontrakt frå prestgardstilsynet i 1962. Enkja Agnes overtok ved uskifte i 1979. I 1988 vart festeretten overført til Agna Kristine Letrud f.1921 og ho fekk samtidig skjøte på eigedommen.

Grindstugulego 17. Kristian Bakken fekk i 1962 feste på tomt, festnr. 106. Festet vart i 1966 overført til Magne og Guri Holen. Dette er nå gnr. 66 bnr. 341.

Torestugujeilen 7, gnr. 66 bnr. 1 f.nr. 105. Pål A Kleiven fekk festekontrakt med prestgardstilsynet i 1962.

Torestugujeilen 3 gnr. 66 bnr. 267. Per Damstuen fekk fest på festnr. 107 i 1962. Festet vart overført til Ingfrid Damstuen i 1985.

Torestugujeilen 5. Ivar Brenden fekk i 1962 feste på tomt, festnr. 103. Dette er nå gnr. 66 bnr. 272.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar

Norske gardsbruk 1953 - 1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Gunnar Ottosen, Jutulen 2014: Klokkere i Vågå

Torgrim Hegdal: notat 2021

Klokkargarden

Størk Christophersen var klokkar i Vågå i tida 1630 til 1650. Han fekk da bruke ein jordveg på Halland og sette seinare opp ei stugu der. Tidlegare var Klukkargarden ved nordre og øvre kyrkjegardshjørna og åkeren som høyrde til låg omkring kyrkja.

Stugu rotna ned medan sonen Johan Størkersen var klokkar 1650-1652, sistpå budde han såleis i tingstugu som låg tett attmed.

Kristoffer Størksson overtok som klokkar etter broren Johan. Etter at han vart gift i Skårvangen budde han der, men brukte plassen ved kyrkja attåt.

Peder Olsen Blix som var klokkar ei tid frå 1666 brukte jordvegen til Klokkargarden, men budde i tingstugu. Tingstugu finn vi elles nemnd ved fødsel i 1747, Tore Tingstugu hadde dottera:

Imbiør f.1747

På 1700-talet var også noko som heitte Jutstugu, ho vart rasert fyrste dagen i storofsen 1789.

Jens Jensson Rosengaard som var klokkar fram til ca. 1679 bygde opp att Klokkargarden.

Christopher Hansen som var klokkar frå 1680 til 1709 brukte Klokkargarden. I 1680 hadde han overteke klokkarembetet samt bygsel til det som da vart kalla nørðre Moen. Christopher hadde 2 barn:

Hans 1678-1744, neste brukar

Lisbeth 1695-1762

Sonen Hans Christophersen 1678-1744 var klokkar frå 1710 til 1742, og brukte Klokkargarden. I 1715 var det sak om Klokkargarden, det vart eit forlik mellom presten og klokkaren om at klokkaren skulle bruke plassen til 1717 og deretter skulle husa rødjast av plassen. Presten fekk dermed medhald i at at klokkaren ikkje skulle ha nokon særleg rett til Klokkargarden. I 1725 fekk han bygsel frå presten på nørðre Moen. I 1726 kjøpte han nordgard Holbø og seinare budde han i Skotlien. Hans Christophersen var gift med Kari Einersdtr. Sør-Sandbu.

I 1737 var det skifte i Klokkargarden etter Rasmus Poulsen, han hadde 1 barn:

Rønnoug f.ca.1720

I 1745 fekk soldat Enner Hammer f.ca.1716 bygsel på ein plass ved Vågåkyrkja som Hans Christophersen tidlegare hadde brukt. Ener Mikkelsen Sundlien er truleg den same karen som i 1746 fekk ny bygsel da det vart ny prest. I 1801 hadde Ener føderåd av Klukkargarden. Ener Michelsen Sundlien f.ca.1716 d.1801 var frå oppigard Håmår son til Michel Guttormsen og Ingrid Enersdotr. Ener vart 1746 gift med Mali Christensdotter Aasaaren f.ca.1711 d.1795 dotter til Christen Eliassen Lunde/Aasaaren 1666-1739 og Ragnhild Olsdtr. Skårå d.ca.1718. Ener og Mali hadde 4 barn:

Dorthe 1747-1747

Dorthe f.1748, neste brukar

Ragnhild f.1750, g.m. Iver Hansen Strand 1752-1779, g.2.m. Martin Hansen 1747-1822.

Til Svendstad.

Ingri 1752-1754

I 1786 bygsla presten bort nørðre Moen til Christen Olsen Sundlien som fekk ny bygsel i 1788, Ener og Mali fekk føderåd. Ivar Kleiven skriv i «I gamle Daagaa» at Klukkargarden vart øyrd av fyrste dagen i storofsen i 1789. Christen Klokkergaarden f.ca.1751 var gift med Dorthe Enersdotter f.1748, i 1801 var familien husmenn under Sundlien. Dorthe hadde med soldat Hans Christensen barn før ekteskapet:

Imbjør Hansdotter f.1779, g.m. Ole Syversen Skaar ø f.1772

Christen og Dorthe hadde 2 barn:

Ener f.1786

Mali f.1787

I 1797 vart husmannplassen Klokkergaarden bortbygsla frå presten til Nils Olsen. Nils Olsen Finnbrustugu f.1749 vart 1797 gift med Ragnhild nigard Håmår f.1745 dotter til Ole Tordsen Hammer f.ca.1792 d.1777. Nils Olsen Klokkergaarden f.1749 vart 1805 gift på nytt med Gunild Jonsdotter Valde n. 1757-1837 dotter til Jon Hansen Valde 1723-1813 og Kari Christensdr. Fellese 1737-1792.

Erland Iversen Klokkergarden 1795-1860 son til Iver Erlandsen Teigen vart 1832 gift med Kari Johnsdotter Storvik 1792-1864 dotter til Jon Hansen Storvik n 1744-1816 og Ingrid Eriksdr. Andvord 1753-1842. Kari hadde før ekteskapet 1 barn med Rasmus Knutsen Garmo f.1800:

Rønnaug 1825-1908, neste brukar

Rønnaug Rasmusdotter Klokkergarden vart 1846 gift med Erland Knutsen Teigen 1821-1904 son til Knut Iversen Teigen. Klokkergarden låg truleg om lag der kulturhuset ligg i dag. Jordvegen i Klokkergarden vart rasert i flaumen i 1860, men i 1865 var Erland fortsett husmann med jord med buplass Klokkergarden. Erland fekk i 1864 husmannsseddel frå presten på 8 mål jord av prestgardsjeldet Halland. I 1875 var familien husmannsfolk i øvre Steinen. Erland og Rønnaug hadde 9 barn:

Kari 1846-1907, g.m. John Johnsen Sandneshagen 1844-1937, i Steinen

Erland 1848-1848

Erland 1849-1849

Erland 1851-1918, g.m. Mari Olsdr. Lien 1854-1929

Kari f.1853

Mari 1856-1889

John f.1860, til Herøy i Nordland

Knut 1863-1864

Knut 1866-1866

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Gunnar Ottosen, Jutulen 2014: Klokkere i Vågå

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekt i Vågå og Lom, Slekten på sygard Storvik med Garmo

Digitalarkivet: folketeljingar

Paul Brun, Gudbrand 2-2022: Imbjør Hansdatter

Kåje-Hans

Ei usikker kartskisse slik det skulle ha vore i 1860 viser at ovanfor Smedsmo låg det ein plass med namnet Kåje-Hans, ovanfor denne låg Klokkergarden. I nedteikning etter Jo Hågå er det nemnd at Klokkergarden og plassen til Kaaje Hans og stordelen av Smedsmo vart øydelagd av storflaumen i 1860. Hans Thoresen Køien 1810-1856 er den einaste som passar til dette namnet. Han vart nemnd i Køyen på Sel ved barnefødsjar frå 1846 til 1854 og det er ikkje kjend tilknytning til denne plassen i Vågåmo. Han døydde i 1856, men viss han hadde brukt

denne plassen i Vågåmo kunne namnet hans ha vorte brukt også noke år etter. I 1865 var enkja sjølveigar i Køien og Rustløyken. Hans Thoresen Køien, son til Thore Pedersen Tolstadeie vart 1846 gift med Rønnog Andersdotter Nustad f.ca.1820 d.1869 dotter til Anders Andersen Nustad. Hans og Rønnog hadde 3 barn:

Thore 1846-1856

Anders f.1850

Hans 1854-1876

Kjelder:

Kartskisse frå 1860

Jo Hågå: nedteikningar frå 1937

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar

Moen – Thoremoen

Gamle Jacob Jonsen skulle etter avtale i 1767 ha den gamle stugu si og bu med loft.

Sonen Jon Jacobsen avstod plassen sin Moen som låg på prestens grunn i Vågåmoen, sætra følgde med.

Den som overtok Moen i 1767 var Christen Johnsen, han betalte 116 rd. Christen Jonsen f.ca.1726 d.1783 vart 1759 gift med Anne Toresdotter Holen 1739-1793. Ved skifte i 1783 vart Christen kalla Uleberg, men ved skifte i 1793 vart Anne nemnd under Prestgarden.

Christen og Anne hadde 5 barn:

Jon f.1861

Anne f.1762

Thore f.1768, neste brukar

Hans f.1772

Knut f.1775

Thore Christensen f.1768 vart 1798 gift med Ragnhild Eriksdotter Skårvang (søre del av nåverande Kagrud) 1759-1834. Thore var husmann med jord under prestgarden i 1801, og da Ragnhild døydde vart dette nemnd som Moen. Thore og Ragnhild hadde 1 barn:

Anne f.ca.1798, g.m. Peder Pedersen Brustugu Skjedsvold f.1799, på Skjedsvold

Ved skifte i 1836 vart Peder Pedersen overdrege halve plassen Moens jordveg og hus og halve sætra og innbu og lausøyre og gardsredskap.

Det er ukjend kvar dette var, men det siste vi har kunne passe med tidspunkt for dei fyrste vi har i Smedmoen/Smedsrud. Elles vart Thoresætra nemnd saman med Kjøpangersætra ved generasjonsskifte på Kjøpanger i 1859, Thoresætra var sæter til plassen Thoremoen i Vågåmo. Namnet kan passe med Thore Christensen som var brukar fyrst på 1800-talet.

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: folketejingar

Eirik Haugen

Moen – ukjend 1801

I 1801 var Johanes Pedersen husmann med jord under prestgarden. Ved fødslar er det ein Johans Moen i 1803 og 1807 som kan vera den same. Johanes hadde i 1. ekteskap 1 barn:

Barbro f.ca.1797

Johannes f.ca.1769 vart 1800 gift på nytt med Anne Simonsdotter f.ca.1768 d.1848, dei hadde 3 barn:

Peder f.1800

Ingri f.1803

Kari f.1807

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: folketejingar

Moen – Selmer

Folketeljinga 1865 nemner at på ein plass som heitte Moen var I. W. F. Selmer forstmester og jordbrukar. Kvar Moen som Selmer budde på er ikkje kjend. Isak Wilhelm Fleischer Selmer 1832-1904 var fødd på Toten, han var son til sokneprest i Seljord Peder Martin Selmer 1806-1876 og Fredrikke Fleischer. Isak vart 1860 gift med syskjebarnet Eveline Selmer 1834-1912 i Bakke prestegjeld ved Flekkefjord. Ho var dotter til presten i Vågå frå 1842 til 1882 Erik Gløersen Selmer 1805-1882 og Marie Elisabeth Holmen 1799-1882. Presten var onkel til Isak. Isak og Eveline hadde 4 barn, dei 2 eldste vart fødte i Vågå:

Fredrikke Lovise Cathrine 1861-1940

Marie Elisabeth 1863-1929

Peder Martin 1872-1949

Erik Gløersen 1874-1955

I 1867 fekk dyrlege Hans Andreas Blegen 1845-1895 og hustru Emmy Helene Mathilde feste på Moen som ser ut til å vera same plassen som Selmer budde på. Det var festekontrakter både frå prestgarden og frå Lye.

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm

Digitalarkivet: kyrkjebøker, folketeljingar

Wikipedia: Selmer slekt

Ljosheim

Ljosheim vart i 1910 nemnd som plass. Den ugifte Gunhild Sevaldsdotter vart registrert som husbestyrarinne. Dette er truleg losjehuset som stod ovanfor nåverande barneskule.

Kjelder:

Digitalarkivet: folketeljingar

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Jønndalstugu – Moen – Gullsmedstugu

Jønndalsstugu stod like vest for Folkvang. I 1865 vart det nemnd to Jønndalsstugu. I den eine var ugifte Else Jakobsdotter f.1812 husmann med jord. I 1875 vart dette nemnd som Moen og Else vart forsørgra av fattigvesenet. Else var dotter til Jakob Jonsen Sæta Blessemeige 1762-1854 frå Jønndalen på Dovre, mora var Anne Christensdtr.

Else Jakobsdotter hadde med Erik Knutsen som da budde på Sveen under Råstad 1 barn:

Ragnhild Eriksdotter 1841-1925, neste brukar

Ragnhild Eriksdotter 1841-1925 var gift med gullsmed Frants Hendrik Knutsen Bø 1844-1914 frå Bergen, og i 1910 budde dei i Jønndalstugu (nemnd som Gullsmedstugu i 1900).

Ragnhild og Frants hadde 3 barn:

Ole Eidsvold Bø 1882-1918, g.1908.m. Anne Jakobsdtr. f.1882

Charlotte 1883-1971, g.1912.m. Thor Olsen Viste 1882-1974

Ragna Frantsine Bø f.1889, g.1914.m. Ole Jakobsen Øyseie f.1876

Ragnhild hadde med «styggsvensken» Peder Johannesen

Jakob Pedersen 1873-1892

Jon Bø 1876-1962

Med Isak Brekken hadde ho

Anton Isaksen Moen 1867-1943, g.m. Rønnaug Hansdtr. Ulen 1856-1934, dei hadde 5

barn: Frederik f.1893, Ragnhild 1894-1895, Ragnhild f.1895, Mathias f.1896,

Anna f.1899. I Jønndalsstugu, i Kveen (Moslingstugu) frå 1900

Kjelder:

Digitalarkivet: folketeljingar

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Jønndalsstugu – Moen

I den andre Jønndalsstugu budde i 1865 husmora Tore Hansdotter f.1825, mannen som truleg heitte Ivar var på arbeid i Nordfjord. I ei kartskisse frå 1860 vart det brukt namnet Jønndals-Iva på denne stugu. Ivar var truleg son til Jakob Jonsen Sæta 1762-1854 frå Jønndalen på Dovre og Ane Axelsdtr. f.ca.1791 d.1859. Ivar f.1832 var dermed halvbror til Else i den andre Jønndalsstugu. I 1875 var heile familien i Bodø, og i 1891 budde Ivar og Tore i Bodø hjå sonen. Ivar og Tore hadde 4 barn:

Anne f.1856, til Bodø

John f.1859

John f.1861, g.m. Elisabeth Mari f.1866, Røros, til Bodø

Hans f.1864

Syster til Ivar og halvsyster til Else i den andre Jønndalsstugu, Ragnhild Jakobsdotter 1828-1904 som var ugift budde i 1865 hjå Else i den andre stugu. I 1875 budde Ragnhild Jakobsdotter i Kjøpangerstugu. I 1900 budde Ragnhild og sonen Ole på Moen under prestgarden, kanskje var det her. Ragnhild Jakobsdotter hadde 4 barn:

Anne Thronsdotter 1854-1867, faren var Tron Arnesen Utigaard frå Nesset prstegjeld

Johan Johansen 1859-1860, faren var Johan Enersen Smedsmo

Anthon Olse f.1862, faren var Ole Svendsen Kleven

Ole Eriksen f.1868, faren var gift mann Erik Hansen Haugen. Ole kalla seg seinare Jønndalsstuen eller Moen og kom til Nyhus.

Ragnhild Jakobsdotter vart 1884 gift med siste barnefaren, Erik Hansen Haugen 1811-1894.

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: folketejingar

Bøe – hjå Gunnestad

Frants Bø fekk feste på eit jordstykke på Halland i 1910, tidlegare budde han i Jønndalsstugu ved Folkvang. Ragnhild Eriksdotter f.1841 frå Jønndalsstugu var gift med gullsmed Frants Hendrik Knutsen Bø 1844-1914 frå Bergen, dei hadde 3 barn:

Ole Eidsvold Bø 1882-1918, g.1908.m. Anne Jakobsdtr. Øyseie f.1882 (syster til Ole)

Charlotte 1883-1971, g.1912.m. Thor Olsen Viste 1882-1974

Ragna Frantsine Bø f.1889, neste eigar

Ragna Frantsine Bø f.1889 vart 1914 gift med Ole Jakobsen Øyseie f.1876 son til Jakob Gundersen f.1844 og Ingri Thorsdtr. f.1844. Øyseie vart i 1900 nemnd som Ellefstad, men gjekk også under namnet Gunnestad. I 1922 var det skjøte til Ole Jakobsen for kr 1500. Ole og Ragna hadde 5 barn:

Fridhjof f.1914

Ivar f.1916
Olav f.1918
Tor f.1921, neste eigar
Arne f.1929

I grunnboka hadde denne eigedommen festnr. 4, men med påteikning av nytt festnr. 74 som var ny festekontrakt til Fridtjof Jacobsen i 1956 og med utvida areal i 1961.

Tor Jakobsen var gift med Ragnhild Øyen f.1934 dotter til Johan Øyen 1862-1949 og Marie Kampen 1900-1983. Tor og Ragnhild hadde 1 barn:

Randi f.1954

Kjelder:

Ivar Viste Flatum, Jutulen 2016: Bokhandelen i Vågå

Digitalarkivet: folketeljingar

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Geir Inge Stadeløkken

Linnerud – Linnerstugu

I 1865 og 1875 var Erik Thorsen Linner 1832-1900 frå Sand i Nord-Odalen kyrkjesangar og lærar i Grindstuen, klokkarbustad under prestgarden. Han var gift med Andrea Knutsdotter 1831-1924 også frå Nord-Odal. I 1900 budde enkja i Linnerud (Linnerstugu), og i 1908 skreiv Andrea Linner pantebrev til banken. I avisartikkel står det at stugu kom frå Skogbygda/Skårvangen (Garden/Horten?) og vart sett opp her i 1875.

I 1925 fekk Ole A Randen auksjonsskjøte på huset for kr 3100, og han fekk festekontrakt i 1924. Dette var festnr. 2. Ole Andersen Randen f.1865 var son til ugifte Rønnaug Larsdr. f.1842 frå Heidal, i 1875 budde dei på Kvasranden ved Øygardsneset. I Linnerstugu budde Ola saman med Iverine Johnsdotter Sandnes n. f.1885.

Kjelder:

Digitalarkivet: folketeljingar, panteregister

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Hans Raastad: om Kvasranden og Iverine Sandnes

Kjell Nyhus, Norddalen 1.7.2021: Dehs-huset skal rivast

Dehs

I 1910 budde skomakermester Hans K Ødegård i eit våningshus på prestgardens grunn. Truleg var dette det som i nyare tid har vore hjå Dehs. I avisartikkel er det opplyst at huset

stod i Rosten/Dovre under jernbaneutbyggjninga og vart kjøpt ca.1912. Hans K Ødegård 1859-1948 var son til Knut Arnesen Ødegården (Arnøygarden) 1829-1910 og Guri Hansdtr. Valdeie 1830-1896. Hans var kyrkjetenar, han var gift med Annette Pedersen, Moss 1870-1967. Dei hadde 1 barn:

Knut Fredrik f.1912, g.m. Aslaug Olsdtr. Svare f.1916

Knut Ødegård fekk feste i 1947 som festnr. 35. Festeretten vart i 1953 overført til Reidar Svendsen som dreiv blomsterbutikk der.

Anne og Bjørn Dehs kjøpte eigedommen av Svendsen, dei overtok festet i 1959. Etter at dei bygde nytt hus i 1962, vart det gamle ei tid fram til 1985 bortleigd til Karen Gillebo som dreiv blomsterbutikk der.

Nå er det dotter til Anne og Bjørn, Kari Dehs Austrem som har eigedommen.

Kjelder:

Digitalarkivet: folketeljingar

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekt i Vågå og Lom

Turid Dehs

Kjell Nyhus, Norddalen 1.7.2021: Dehs-huset skal rivast

Sveen

Den fyrste som er nemnd her var bakar B. Thorud.

I 1910 var det skjøte frå bakar B. J. Thorud til Barbro og Rønnaug T. Sandnes på hus på bygsla tomt for kr 2550. I 1910 budde desse to systrene frå sygard Sandnes, Barbro f.1857 og Rønnog f.1867, i denne stugu på prestgardens grunn. Dette var nedanfor bokhandelen, hjå Sveen i nyare tid. Barbro 1857-1933 og Rønnaug 1867-1944 var døtrene til Thor Blakar, Sandnes 1822-1914 og Barbro Johannesdtr. Einarsvold 1829-1899.

Sverre Sveen fekk feste på denne tomte i 1947 som festnr. 34. Nå er dette gnr. 66 bnr. 223, Halland 1.

Kjelder:

Digitalarkivet: folketeljingar

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekt i Vågå og Lom

Lie

I 1910 vart det nemnd at dette låg på prestgardens grunn, bakar August Lie fekk festekontrakt i 1907. Dette var festenr. 3, nå gnr. 66 bnr. 234, Moavegen 3. August Lie 1876-1932 frå Fåberg vart 1908 gift med Anne Hansdotter Sandbushaugen 1888-1968. Dei hadde 4 barn:

Kristian f.1909, neste eigar

Halvdan f.1911

Asbjørn 1913-1931

Marit f.1925, g.m. Pål Øystein Kvarberg f.1926

Kristian Lie vart 1944 gift med Astrid Martinsen f.1923.

Kjelder:

Digitalarkivet: folketeljingar, panteregister

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Pål Øystein Kvarberg: Slekter i Vågå og Lom, slekten på nigard Kvarberg

Veistad

I 1910 var dette registrert som våningshus på prestgardens grunn. Alt i 1904 vart huset nemnd i samband med hefte på huset. Rønnaug Andvord f.1840 frå Lom vart da nemnd som handlande. Rønnaug 1840-1919 var frå sygard Andvord i Lom dotter til Anders Larson Andvord 1793-1872 og Marit Olsdtr. sygard Gaupar 1806-1888. Saman med Rønnaug budde broren Anders 1842-1923 som var midlertidig busett, i 1900 budde dei bae på Steig i Ringsaker der han vart nemnd som gardbrukar og tidlegare folkehøgskulelærer.

Enkjefru Anna Ingebretsen fekk i 1917 festekontrakt på tomte, og det var skjøte på huset frå Rønnaug Andvord til Anna Ingebretsen for kr 6000.

Urmaker Th. Andersen fekk festekontrakt i 1927, og huset vart overskjøta frå Anna Ingebretsen til Th. Andersen for kr 10000.

I 1929 var det skjøte på Veistad, hus på bygsla tomt frå Th. Andersen til Ivar Sveen for kr 8250.

I 1931 var det skjøte på Veistad frå Ivar Sveen til Ragnhild Haugen for kr 12000. Ragnhild 1905-1998 var dotter til Imbjør Olsdtr. Ødegaardshaugen f.1868. Ragnhild var gift med Kristian Pedersen Øygar (Arnøygar) 1903-1979 son til Peder Knutsen Ødegården 1858-1928 og Kari Johnsdtr. Storsteinen 1860-1941.

Dette var gnr. 66 bnr. 1 f.nr. 1, nå gnr. 66 bnr. 339, Brennvegen 2.

Kjelder:

Digitalarkivet: folketeljingar

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Jon Kolden, 2005: Bygdabok for Lom, 3

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekt i Vågå og Lom, slekten på Fellese med Nordre Valde

Kirkenær

Urmaker Johansen fekk i 1913 festekontrakt på denne eigedommen, han hadde Kirkenær til 1924. Kristian Johansen, Øyer 1873-1966 son til Johan Kristiansen. Før ekteskapet hadde Kristian med Ymbjørg Øygaardshaugen f.1868 1 barn:

Ragnhild f.1905, g.m. Kristian Øygaard, til Veistad

Kristian vart 1908 gift med Ragnhild Olsdotter Viste 1885-1908 dotter til Ole Viste. Kristian og Ragnhild hadde 1 barn:

Ragnhild 1908-1908

Kristian vart gift på nytt i 1909 med Anne Andersdotter Steen 1886-1929 dotter til Anders Jakobsen Bukkestuen. Kristian og Anne hadde barna:

Signe f.1909

Borghild f.1912, g.1935.m. Hans P Skjellum f.1900

Agnes f.1913

Ragnhild 1913-2014, g.m. Amund Sveum 1899-1981

Ingeborg 1916-2009, g.m. Ola Nyhagen, Lesja

Dagny f.1919

Jenny Johanne f.1921

Kolbjørn

Marit Tofte fekk i 1925 feste på ein parsell på ½ mål av prestgarden. Det ser også ut til at ho har overteke Kirkenær.

Året etter i 1926 vart festet frå 1925 overført til Øivind A Martinsen. Øivind Martinsen fekk same året i 1926 skjøte på festebruket Kirkenær frå Marit Tofte for kr 9500, skjøtet vart vedteke av Kristian Johansen. Øivind Adelsten Martinsen, Hamar f.1900 son til Håken Anton Martinsen, vart 1923 gift med Kari E. Haugen f.1898 dotter til Einar T. Haugen. Øivind og Kari hadde 1 barn:

Astrid f.1923, neste eigar

Astrid Martinsen vart 1944 gift med Kristian Lie f.1909

Dette var festnr. 17, nå gnr. 66 bnr. 219, Brennvegen 4.

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm

Digitalarkivet: kyrkjebøker, folketeljingar
Aage Skjellum, Jutulen 2018: En del av posthistorien i Ottadalen

Bruland

Agnethe Skrede fekk i 1913 festekontrakt på tomt på prestgards grunn. Denne stugu stod i området mellom Kirkenær og Husehaugen. Dette var festenr. 6.

Guri Svare kjøpte huset og flytta dit frå Brenna ca. 1939.

Kari Råstad arva huset til Guri Svare og budde der, og leigde bort delar av det til Ola og Marie Damstuen og sonen Harald som budde der frå ca. 1940 til ca. 1964.

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm

Digitalarkivet: kyrkjebøker, folketeljingar



Veistad og Kirkenær, i bakgrunnen Bruland og OKB-verkstaden. Foto frå Kari Sørsdal.